

Heimemisjonen

Organ for Sunnmøre Indremisjon

Nr. 3 - 2018 100.årgang

 Sunnmøre Indremisjon

SOMMARTREFF

08. - 10. juni Ålesund Folkehøgskole



Kerysso



Jarle Waldemar



Arild Ove
Halås



Lydia Furnes
Sindland



Jale Berland

FREDAG:

KL. 19.00: KONSERT

KERYSSO - Sveinung Andersen

Appell v/Jarle Berland

LAURDAG:

Kl. 10.15 - 11.00: Registrering

Kl. 11.00: Årsmøteforhandlinger

Andakt v/Jarle Berland

KL. 19.00: FESTMØTE

Talar: Lydia Furnes

Song av Kerysso - Sveinung Andersen

SØNDAG:

KL. 11.00: STORSAMLING

Talar: Arild Ove Halås

Eige opplegg for borna v/Jarle Waldemar

Salg av middag og kaffi

KL. 14.30: FAMILIEMØTE v/Jarle Waldemar

*Tema:
"Velsigna -
til velsigning"*

Velkommen til årets sommartreff!

Den lokale menighet er verdens håp



Denne setninga står ikkje i Bibelen, og godt er det, vil fleire sukke letta. Det er grunnleggjaren av Willow Creek, Bill Hybels, som står bak utsegna. Det er store ord, og vi tenkjer vel først at dei siktar for høgt. Du som les dette høyrer sannsynlegvis til i eit bedehusfelleskap på Sunnmøre. Då har du også nokre tankar om kva bedehuset ditt betyr for folket i kommunen din. Nokre kan gle seg over at forsamlinga set betydeleg farge på bygda og når ulike aldersgrupper med evangeliet. Men likevel langt frå alle. Mange fleire må svare at vi er dessverre altfor

få. Vi når nesten ingen nye og ser ikkje heller korleis vi kan finne frimod og ressursar til å bety noko for folka rundt oss. I Joh.evg. kapittel 6 les vi: Her er fem byggbrød og to fiskar, men kva er det til så mange? Vi kjenner hendinga og vi kjenner oss att. Men vi veit også kven som utgjorde den store forskjellen: Jesus. Vi har så mange gongar høyrte misjonsbefalinga: Gå ut og gjer alle folkeslag til mine disiplar! Dei var i beste fall nokre titals i starten. I dag kan vi våge å ta ordet milliard i vår munn, og vi veit noko om kva for kraft som er verksam: Ordet om korset, dokumentert siger over døden og den Heilage Ande. «Dødsrikets porter han sprengte» for dykk som hugsar talen under storsamlinga 2.påskedag! «De er saltet på jorda» og «de er lyset i verda» forkynte Jesus i Bergpreika til sine disiplar. Er ikkje det også altfor store ord? Nei. Orda er ikkje giitt oss som ei utfordring. Det er Jesu lovnad til alle som har liten kraft i seg sjølv, men likevel ønskjer å ta vare på Jesu ord! Vi bør gjerne meditere over slike ord som Efesarbrevet 5,8: Ein gong var de sjølv mørker, men no – i Herren – er de ljøs. Lev då som born av ljuset! Om du er åleine kristen der du bur, så er det håp for mange rundt deg. Tenk mykje på kva du er av nåde: Borgar av himmelen, eit tempel for den Heilage Ande og eit lite lem på Kristi eigen kropp. Du treng ikkje seie så mykje, men du kan ønskje alt det beste for dei omkring deg i dine bønner. Ver ikkje redd for å tilby forbøn. Han som bur i deg er langt meir glad i dei enn du nokonsinne kan fatte! Om det legg seg til rette, kan du seie kor dyrebar Jesus er for deg. Om du har eit kristent fellesskap rundt deg, er du ekstra heldig. Å byggje og ruste opp lokalforsamlinga er eit heilagt kall til oss alle. Det handlar for ein stor del om at mangfaldet av nådegåver får springe fram: Til velsigning for forsamlinga og for å nå mange fleire! Ei av bedehusforsamlingane har siste vinteren prøvd å nemne alle draumane dei har for framtida. Snart vil kanskje draumane samlast i visjonen: «Med Jesus – livsglede til alle»! Smak også på det flotte mottoet vi har for årsmøtehelga: Velsigna – til velsigning!

Den lokale menighet er håpet for Sunnmøre!
-Og ImF Sunnmøre står til dykkar teneste!

Helsing Oddbjørn Brunstad
formann

BARNAS DAG

PROGRAM FOR BARNA UNDER ÅRSMØTET

Kl 10:30 Registrering

Kl.11:00 **BARNAS DAG** med andakt
leik og aktivitetar.

Måltid sammen med foreldre, så fortset barnas dag
etterpå fram til forhandlingsmøtet er slutt.

NB! PÅMELDING PÅ FØREHAND

Til: rf.lauvas@imf.no / 70 17 86 73 / 990 17 098



PRIS:

Kr. 100 for 1.barn
Kr. 50 for søsken
Maks 200 pr.fam.



Velkommen til årets sommartreff!



Vi har gleda av å invitere til årets sommartreff, som også dette året blir på Borg, som no heiter Ålesund folkehøgskole. Alle møta blir i festsalen, hallen blir brukt til samlingane for borna, og sjølv sagt vil alle måltid bli servert i matsalen for alle. Ut frå programmet som er laga, er der eit ynskje å gje heile familien ei god oppleving gjennom helga. Vi startar med konsert fredag kveld, forsette med årsmøteforhandlingar frå laurdag formiddag og avsluttar laurdagen med festmøte. Søndag står på mange måtar i familien og borna siitt fokus. Der blir storsamling på formiddagen og vi avsluttar helga med ei stor familiesamling på ettermiddagen. Om du ikkje får med alt, er du velkommen til det som måtte passe! Som talarar har vi fått med oss: krinsleiar i NRI Arild Ove Halås, Lydia Kristine Furnes og Jarle Berland. Dei er blitt utfordra til å ha fokus i sine talar ut frå årets tema: "Velsigna -til velsigning". Vi er òg svært glade for at Jarle Waldemar blir med og har eige opplegg for borna gjennom storsamlinga, og at han vil tale på familiesamlinga søndag ettermiddag. Vi er alle evig takknemlege til den

Gud som lar oss leve i Guds rike velsigning dagleg, ja, han har velsigna oss med all åndeleg velsigning. Samtidig er det og vårt kall og privilegium å være kanalar for Guds velsigning til vår samtid og våre omgivelser. Koret Kerysso, frå Sveio, blir med oss gjennom heile helga og har ansvar for å lede allsongen og syngje for oss. Dei vil òg gi oss ein flott konsert fredag kveld. Det er Sveinung Andersen (tidlegare leiar av SUM) som er musikalsk leiar for gruppa. Dette vil bli eit flott bekjentskap for oss! Under årsmøteforhandlingane skal der i år fleire saker opp til behandling. Dette gjeld blant anna godkjenning av endring av namn frå Borgund folkehøgskole til Ålesund folkehøgskole og forslag om endring av namn frå Sunnmøre Indremisjon til ImF Sunnmøre. Under samtale om arbeidet vil årsmøtedeltakarane bli utfordra til ideskaping i forbindelse med oppstart av revisjon av gjeldande strategiplan for SIM. Vær med og be for helga, at vi kan oppleve velsigning, og vere til velsigning med våre liv og i vår teneste!

Varmt velkomne frå bygd og by!
Johan Halsne
krinsleiar

Sakliste

1. Konstituering:
 - A. Val av møteleiar
 - B. Val av to personar til å føre møtebok
 - C. Val av to personar til å skrive under møtebok
 - D. Val av referentar
 - E. Tale- og stemmerett
2. Årsmelding for 2017
3. Rekneskapen for 2017
4. Val av
 - A. 3 styremedlemer
 - B. 4 varamedlemer
 - C. Valnemnd for neste år
5. Revisor for krins og avdelingar
6. Årsmøtegåva
7. Namneendring. Krinsstyret i SIM gjorde i sak 69/16 vedtak om å foreslå for årsmøtet i SIM å endre namn til ImF Sunnmøre. Då det no er vedteke logo for ImF og alle krinsar knyta til ImF, foreslår styret at årsmøtet i SIM 2018 vedtek namneendring til ImF Sunnmøre.
8. Endring av namn, organisasjonsform og nye vedtekter for Ålesund folkehøgskole. Styret i Sunnmøre Indremisjon har i sak 19/18 gjort følgjande vedtak: Styret i SIM sluttar seg til vedlagde forslag til vedtekter og selskapsform for Ålesund folkehøgskole. Styret i SIM tilrår at årsmøtet i Sunnmøre Indremisjon godkjenner nye vedtekter og selskapsform for Ålesund Folkehøgskole. Styret i SIM gir si tilslutning til at Borgund Folkehøgskole endrar namn til Ålesund Folkehøgskole. (Sjå framlegg til vedtak og nærmare omtale lengre bak i bladet) s. 36
9. Ang. tale- og røysterett i årsmøtet: styret i SIM fremjar forslag til endring i paragraf 4a i «Lov for Sunnmøre Indremisjon» (Sjå nærmare omtale lengre bak i bladet) s. 37
10. Samtale om arbeidet
11. Stad for årsmøtet 2019

Til sak 4A, val av 3 styremedlemer

Følgjande går ut av styret:

Oddbjørn Brunstad (Sykkylven) – tek attval
Daniel Haugland (Ålesund) – kan attveljast – tek attval
Jan Ivar Stokset (Valderøya) – blei vald som 1.vara – har møtt fast i styret siste året.

Frå før sit desse i styret:

Leif Steinar Alnes (Godøya)
Kolbjørn Gjære (Ørskog)
Solfrid Ulstein Riise (Ulsteinvik)
Ole Bjørn Vik (Skodje)

Forslag frå valnemnda på nye styremedlemer:

Oddbjørn Brunstad (Sykkylven) – tek attval
Daniel Haugland (Ålesund) – kan attveljast – tek attval
Jan Ivar Stokset (Valderøya)

Til sak 4B, val av 4 varamedlemer til styret

Forslag frå valnemnda:

Knut Aarsund (Brattvåg)
Jan Løkkeborg (Ålesund)
Kåre Magne Remmen (Godøya)
Reidar Halvard Muren (Gjerdsvika)

Styrekandidatar



Brunstad, Oddbjørn (Sykkylven)

56 år, gift. Dagleg leiar i fleire kraftverk. Tidligere songevangelist i Indremisjonsforbundet, fritidspredikant og styremedlem i Sunnmøre Indremisjon. Leiar for Velledalen indremisjon og Sykkylven bedehusforsamling. Leiar i krinsstyret siste år.



Haugland, Daniel (Ålesund)

34 år, gift. 2 barn. Utdanna førskuleleiar. Tidlegare aktiv i barne- og ungdomsarbeidet i ImF Ung Sunnmøre, leiararbeid. Aktiv medlem av NLM Nordvest, Misjons salen Ålesund. Medlem i krinsstyret siste 2 år.



Stokset, Jan Ivar (Valderøya)

61 år, gift. Finansiell rådgivar i bank. Synge i Valderøykvartetten, har tidlegare vore i styret for Sunnmøre Indremisjon, styremedlem Brusdalsheimen, vara til krinsstyret i mange år, medlem av krinsstyret siste år.

Varamedlemmar



Aarsund, Knut (Brattvåg)

69 år, gift med Bjørg. Pensjonist med rimeleg høgt aktivitetsnivå. Hobbypianist og tidlegare korsongar. Styreleiar ved Brusdalsheimen dei 7 siste åra, og mangeårig styreverksemd og aktiv i Brattvåg Indremisjon.



Løkkeborg, Jan (Ålesund)

51 år, gift. Pastor i Sula frikyrkje og sjelesørger i Fermate Sunnmøre. Har vore tilsett i Sunnmøre Indremisjon som ungdomssekretær, samlingsleiar i Blindheim og Hatlehol indremisjon, og fritidsforkynnar.



Remmen, Kåre Magne (Godøya)

49 år. Jobbar som matros og snikker. Formann i Godøy indremisjon. Har vore 2. vara i krinsstyret siste år.



Muren, Reidar Halvard (Gjerdsvika)

34 år. Sjømann. Bor i Gjerdsvika. Har tidlegare vore ei periode i styret for Møre barne- og ungdomsskule Herøy. 3. vara i krinsstyret siste år.

Årsmelding Sunnmøre Indremisjon 2017

Sunnmøre Indremisjon er ein fri lekmannsorganisasjon tilslutta Indremisjonsforbundet, og vårt motto er «Med Guds Ord til folket».

Vi har kome til den 136. årsmeldinga for Sunnmøre Indremisjon, og styret vil med dette legge fram eit samdrag for verksemda i 2017.

Heimlov

Også denne årsmeldinga vil vi starte med å minnast dei misjonsvenene som gjekk heim til Herren i året som ligg bak. Sjølv om vi ikkje finn det rett å ta fram einskildpersonar vil vi likevel streke under at vi er takksame for den truskap og støtte desse har vore i misjonsarbeidet. Den kristne vona gir håp i møte med døden, apostelen Peter seier det slik i 1. Pet. 1,3: «Lova vere Gud, våre Herre Jesu Kristi Far, som etter si store miskunn har atterfødt oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde.»

Vi lyser fred over den einskilde sitt minne.

Åndssituasjonen

Det er vanskeleg, med få ord, å gje eit komprimert bilede av den åndelege situasjonen i landet vårt som i stor grad også vil vera gjeldande for Sunnmøre. For ikkje å gjenta det vi har skrive her dei førige åra, som har vore av meir generell karakter, vil vi i år vere meir konkrete når det gjeld utfordringar. Vi er vane med at i landet vårt er der trus- og ytringsfri-dom. Dette medfører og retten til å forkynne Guds ord slik vi les det i Bibelen, og formidle Bibelens lære som norm for liv og samliv. Etter vedtak i kyrkjemøtet 2017, knyta til vigsel av likekjønna samliv, blei det sagt høgt og tydeleg at «begge syn» skulle respekterast. Det er då med uro vi registrerer hets når indremisjonsvenar vil ha seminar, med fokus på bibelsk lære om likekjønna ekteskap. Eit, av fleire signal, som fortel kva som er politisk korrekt. Med tanke på skulane våre er vi og uroa over at staten bruker både juridisk og økonomisk makt for å fremje staten sitt verdissyn. Det vert lagt opp til meir og meir åndeleg og ideologisk einsretting på mange område.

Dette er konkrete eksempel på at dei kristne verdiane blir ofte devaluerte og rekna som utgått på dato.

I møte med dette vil vi nok oppleve meir krevjande tider når det gjeld å forkynne Guds ord og leve etter Bibelen som norm. Motløysa si ånd skal ikkje få drive oss frå skanse til skanse i møte med dette, men vi skal frimodig svinge «Åndens sverd» slik Gud kallar oss til i Ordet sitt.

Når vi brukar dei sosiale media som formidlings- og debattplattform, må vi opptre sakleg og kristeleg i ordbruken vår.

Fokus på vårt eige liv og arbeid

Vi er takksame for at det opp gjennom åra har opna seg dører som har gjort det mogleg for Sunnmøre Indremisjon å forkynne Guds ord både i ord og i gjerning. Gjennom ei, etter kvart lang historie, har organisasjonen eit arbeid som gir oss høve til å tene menneska frå livet startar til det sluttar. Det primære kallet vårt er å forkynne Guds ord, og det

skal framleis vere hovudfokuset vårt. Samtidig må vi be om forstand til å forstå tida vi lever i og få kunnskap til å tene deretter. Store delar av det folket vi lever i mellom, klarer vi aldri å nå med forkynning frå talarstolane våre. Då treng vi å be om syn til å sjå nye møteplassar og forstand til å formidle evangeliet til dei som ikkje kjenner Jesus. På det diakonale området hadde vi nok eit større og sterkare engasjement i tidlegare tider. I dag bør vi gjerne løfte denne sektoren opp og fram som ei viktig misjonsmark i bygd og by. Vi får òg flotte tilbakemeldingar frå dei foreiningane våre som driv arbeid blant eldre. Dette kan gje andre frimod til å intensivere eller starte slikt arbeid andre plassar.

Daggry barnehage, Valderøya

Då barnehagen starta opp etter sommarferien, kunne leiar og tilsette endeleg ynskje barn og foreldre velkomen i ny fire- avdelings barnehage. For dei mange involverte var prosessen som førte fram til nye lokale vore lang og krevjande. Då vi på innviingsdagen var med på visning rundt i alle romma, forstod vi at her var alt planlagt i minste detalj, og resultatet er framifrå! Inntrykket som sat att etter ei omvising på innviingsdagen, var at alt var planlagt i minste detalj, og at resultatet var framifrå! Det viktigaste blir likevel å gje dei mange barna den beste ballast for livet, kunnskap om og kjennskap til Jesus.



Leirplassane

Ut frå den vurderinga som blei gjort i 2017, skal vi i Sunnmøre Indremisjon framleis ha to leirplassar, Brusdalsheimen og Orreneset. Gjennom året som gjekk har det blitt arrangert leirar både for barn og unge. I tillegg kjem weekendar og stemne i regi av SIM. Nytt av året var samlinga på Brusdalsheimen på Kristi Himmelfartsdag. Ut frå oppmøte og tilbakemelding vil dette stemnet bli komande år også. Mange frivillige og tilsette gjer ein stor innsats i form av arbeid og pengegaver til desse to plassane. Dette er vi heilt avhengige av for å kunne drive dette misjonsarbeidet.

Radio

Den største talarstolen vi har i SIM, er utan tvil Radio Sunnmøre. For ein god del eldre er det gjennom radioen sine sendingar dei får lytte til forkynning og kristen song. Ja, for ein del, er radioen deira «åndelege heim», når dei ikkje lenger kjem seg ut på møte. Gjennom året som har gått, har

ein og starta eit nytt programkonsept som har fått namnet: «Mobil». Dette er laga med tanke på å nå yngre generasjonar. Dette kjem til uttrykk både i form og musikkval. Ein kan og lytta til radioen på DAB i Ålesundsregionen, og i samarbeid med Jærradioen planlegg vi utbygging til DAB i Herøy.

Leiarkonferansen

I november 2017 blei det for første gong halde leiarkonferanse i ImF sin regi. Denne skal avløyse tidlegare arbeidarmøte og sommarstemne. Det var svært gledeleg at så mange frå indremisjonsfamilien meldte seg på. Her var mange spennande og tidsaktuelle tema og seminar ein kunne fylgje. Ut frå gode tilbakemeldingar frå deltakarane, er det bestemt at denne konferansen blir eit årleg arrangement. Der var også ei fin gruppe frå Sunnmøre som hadde funne vegen til konferansen, men der hadde vore plass til fleire! Her får ein både viktig informasjon, og ikkje minst inspirasjon, i det arbeidet ein står i, eller skal starte opp.

Forsamlingsbygging

Dette er eit tema som blir meir og meir aktuelt for bedehusa på Sunnmøre. I 2017 blei Skodje bedehusforsamling starta opp, og fleire er i ferd med å fylgja etter. Der eit bedehus er for lite til å starte slikt arbeid åleine, oppmuntrar vi til samarbeid mellom bedehus og andre organisasjonar. Sunnmøre Indremisjon støttar dette arbeidet, og vil hjelpe til med kompetanse i planlegging og startfase så lang som mogleg.

Skule

Elevane på grunnskulane våre og på folkehøgskulen vår er dei som om få år er dei leiande og berande i samfunnet vårt. Det er flott å registrere at elevtalet på skulane aukar jamt og trutt. Vi er takksame til Gud for den moglegheita vi har fått til å gje dei unge den ballast dei treng for å bli gode, kreative og byggjande samfunnsborgarar. I tillegg, og viktigast! -gje dei den bodskapen som gir fundament og kurs både for livet her og inn i evigheita, Guds ord.

Verksemda

Igjen vil vi få uttrykke ein stor og varm takk til alle som tek ut i forkynnar-opppdrag på fritida si. Det er ein stor rikdom. Vi vil be kristne brør og systre om å vere frimodige i å dele vitnemålet i forsamlinga. Må vi få åndeleg syn til å sjå dei som har nådegåve til å forkynne, og oppmuntre dei. Lat ikkje Jantelova halde forkynnarane nede, men la dei blomstre! Sjølv om dei fleste spørsmål om forkynnarhjelp kjem via krinskantoret, er det framleis slik at ein del foreiningar tek direkte kontakt med forkynnarane, og det avlastar administrasjonen ein del. Samstundes gjer dette at vi ikkje har full oversikt over all verksemd som er på dei lokale bedehus. Med atterhald legg vi fram denne oversikta:

Fylgjande forkynnar har vore i verksemd i 2017 i regi av Sunnmøre Indremisjon:

Karl Arne Austnes, Linda Austnes, Are Bakke, Jarle Berland, Kai Even Bjørndal, Oddrun Bjørndal, Oddbjørn Brunstad, Helge Dimmen, Reidar Fiske, Kjell Furnes, Hilde Gjengedal, Johan Halsne, Arild Ove Halås, Randi Fagerhol Lauvås, Inger og Per Arne Lillebø, Gudrun Longva, Odd-

veig Molnes, Jostein Mulelid, Mathias Lindgren Mulelid, Odd Asbjørn Nybø, Kåre Magne Remmen, Solfrid Ulstein Riise, Per Sævik, Ståle Tønnesen, Robert Uggedal, Eyvind Volle, Torstein Valderhaug, Anbjørn Walderhaug, Arvid Ødegård, Hilde Sofie Blindheim Østrem.

Frå Indremisjonsforbundet:

Irene Krokeide Alnes, Olav og Jorunn Eikemo, Anne Nyvoll Furnes, Erik Furnes, Kari Anne Hatlevik, Marie Hornnes, Tor Ingvald Lauvrak, Per Gunnstein Nes, Olav André Soltveit, Aud Karin Kjølvik Ringvoll, Marit Stokken, Harald Tjervåg, Ingbjørn Vingen.

Andre som har vore med på møter:

Toralf Nordbø, Espen Ottosen, Mette og Roger Sørensen, Rigmor Holst, Berit N. Otterlei, Einar Nymo, Synnøve Aanensen, Ragnhild og Arvid Pettersen, Linda Askeland

Tilsette og arbeidrar i administrasjonen

I administrasjonen er to tilsette, Johan Halsne 100% og Janne Støbakk 100%.

Mannshelg på Brusdalsheimen

13.-14.januar vart den 46.mannshelga avvikla på Brusdalsheimen. Tema for helga: «Gi akt på Jesus», v/Per Gunnstein Nes og Per Sævik. Song av Valderøykvartetten og Tor Rødset m/band.

Kvinnemøta

31.mars – 2.april vart det arrangert kvinnehelg på Orreneset Misjonssenter. Tema for helga var: «På vei» og «Levd liv», v/Rigmor Holst f. Blomvik, programprodusent i Kanal10. Song av Gro Hofseide.

22.-23.september vart det arrangert inspirasjonsdagar på Brusdalsheimen. Tema for dagane var «Åpent hjerte» v/ Linda Askeland frå organisasjonen Åpne Dører. Song av Olaug Bjørke og ei gruppe frå Godøya.



Stemme på Brusdalsheimen

25.mai (Kristi himmelfartsdag) arrangerte vi stemnedag. Desse deltok: Marit Stokken, Irene Krokeide Alnes, Johan Halsne og Tor Rødseth.

60+ på Brusdalsheimen

21.-24.august var det leir for 60 pluss. Talar Ingar Hjelset talte over desse tema: «Glem ikkje alle hans velgjerninger», «Skriften alene», «Nåden alene» og «Troen alene». Andre som deltok var Kari og Olav Mulelid, Torstein Remme, Torstein Valderhaug og Jostein Mulelid. Takk til komitéen som står for desse samlingane!

Sommartreff/årsmøte

Helga 09.-11.juni arrangerte vi sommartreff/årsmøtehelg på Borgund Folkehøgskole. Tema for helga var: «Steg vidare». Espen Ottosen var med som talar heile helga.

Vi starta med konsert på fredagskvelden, Arne Parelli, Ragnhild og Jan Huse, Arild Berstad m/team deltok med flott song. Laurdagskvelden var det festmøte og søndag storsamling og familiefest. Jarle Waldemar hadde eige opplegg for borna.

Orrenesstemne

Søndag 27. august hadde vi stemne på Orreneset. Talarar var Linda og Karl Arne Austnes. Song av «Sunnmørsguttene».



Julekalender – Stjernedryss

For tredje året på rad blei det i desember arrangert «Stjernedryss», som er det nye namnet på det som før blei kalla «Bedehusets julekalender». 8 bedehus fekk besøk av ulike songarar og gjestar i ei travel førjulstid. Dette er samlingar som gjer at vi når folk som elles ikkje deltek på våre samlingar.

Storsamlingar

Vi hadde i 2017 storsamling på Borgund Folkehøgskole 2.påskedag og 2. søndag i advent. Anne Nyvoll Furnes talte 2.påskedag. Birgitte Velsvik deltok med fin song og Arild Berstad m/team leia allsongen.

2. søndag i advent talte vår barne- og ungdomsarbeidar Hilde Sofie Blindheim Østrem. Song av Godøy barnekor og koret Elkana.

Konsert

13. mars vart det arrangert konsert på Blindheim bedehus med Solveig og Kari Leithaug.

Luther med Latter

Fredag 3.november arrangerte vi i samarbeid med NLM ein historisk-humoristisk og musikalsk kveld med Ryfylke Livsgnist. Dei gav oss eit skråblikk på 500 år i lutherske spor. Arrangementet var i Misjonssalen.

Fakkeltog

Måndag 30. oktober arrangerte vi i samarbeid med Åpne Dører fakkeltog i Ålesund sentrum til støtte for forfølgde kristne. Vi avslutta med ei fin samling i Ålesund kyrkje.

Arbeidarfesten

Denne festen vart halde på Borgund Folkehøgskole 8.januar. Toralf Nordbø deltok med ulike innslag. Mange av våre tilsette og frivillige arbeidarar ser fram til denne festen og den er med å gi samhald og inspirasjon. Selskapa våre Begravelsesbyrået Sunnmøre AS og Plussreiser AS deler på å dekkje kostnadane til festen.

Båtlotteri

Det vart dette året også avvikla felles båtlotteri for leirstadane våre. I tillegg til båten var også ein elsykkel utlodda. Vinnar av båten: Jarle Honningdal. Vinnar av sykkel: Odd Bjørge.



Ålesund bedehus

Krinsen har i liten grad brukt bedehuset til egne samlingar. Ålesund indremisjon har sine møter og samlingar der. Kjøkkenservice og UIO leiger fortsatt huset, og UIO har studantar buande i huset.

Avdelingar/selskap i Sunnmøre Indremisjon

Vi har som vanleg lagt ved eiga årsmelding for alle våre avdelingar.

Fermate Sunnmøre

Iris Vartdal Clausen har 40 % stilling som dagleg leiar, sjelesørgjar og kurshaldar. Anne Line Dahl Jerstad slutta 01.09.2017. Jan Løkkeborg jobba som frivillig sjelesørgjer fram til 01.09.2017 og blei då tilsett i 20 % stilling som sjelesørgjar. I 2017 hadde Fermate Sunnmøre 237 samtalar.

Økonomien

Årsresultatet for 2017 vart eit underskot på -223 906,-

Takk til alle trufaste gjevarar som er med å halde misjonsarbeidet oppe!

Endre i styresamansetjinga:

På årsmøtet i 2017 stod desse på val:

Leif Steinar Alnes, kunne attveljast – tok attval, Solfrid Ulstein Riise, kunne attveljast – tok attval, Olav Martin Synnes (Vigra) kunne ikkje attveljast, Ole Bjørn Vik, kunne attveljast – tok attval.

Dei som vart valde var:

Leif Steinar Alnes (Godøya), Solfrid Ulstein Riise (Ulsteinvik), Ole Bjørn Vik (Skodje), Kolbjørn Gjære (Sjøholt).
1.vara: Jan Ivar Stokset (Valderøya) 2.vara: Hans Magne Muren (Blindheim), 3.vara: Kåre Magne Remmen (Godøya), 4.vara: Reidar Halvard Muren (Gjerdsvika)

Styremøte

Styret har i 2017 vore samla 9 gongar og handsama 91 saker. Utanom dette har det vore generalforsamling for Plussreiser AS, Begravelsesbyrået Sunnmøre AS og Møre barne- og ungdomsskule Skodje AS vore avvikla. Krinsleiar, administrasjonsleiar og leiar for ImFUng Sunnmøre er med i møta frå administrasjonen. Det er godt samarbeid og åndeleg samhald i krinsstyret. Å sitje i krinsstyret er både gjevande og eit stort ansvar. Vi takkar enno ein gong misjonsfolket for tillit, og ber framleis om forbøn for våre teneste.

Takk

Styret vil takke alle som på ulikt vis står med oss i arbeidet i Sunnmøre Indremisjon for at Guds rike skal ha framgong. Herren har utrusta og kalla deg, og vil løne deg rikt for din truskap i kallet.

Takk til alle medarbeidarane som har vore ute med Ordet gjennom vitnemål og song. Takk til medarbeidarane på skulane, barnehagen, leirstadane våre, Brukt og Nyttig, Radio Sunnmøre og aksjeselskapa våre. Takk til Indremisjonsforbundet og andre krinsar for godt samarbeid i året som gjekk.

Arbeidet vårt må vere prega av at vi har fått kall og anledning til å forkynne den gode nyheit. Vi må be om å få eige ein erobringstrong til å vinne nye for himmelen. «Vi vil fortsatt vinne, utruste og sende menneske med evangeliet!»

1.Timoteus 4,10: «Derfor er det vi arbeider og kjemper. For vi har satt vårt håp til den levande Gud, han som er alle menneske sin frelsar, men mest for dei som trur.»

Styret i Sunnmøre Indremisjon

Oddbjørn Brunstad (leiar)
Ole-Bjørn Vik (nestleiar)
Solfrid Ulstein Riise
Leif Steinar Alnes
Daniel Haugland
Kolbjørn Gjære
Jan Ivar Stokset
Hans Magne Muren (1.vara)

Formular for oppretting av

Testamente

Sunnmøre Indremisjon får av og til større eller mindre gåver frå misjonsvener som har tilgodesett misjonen når testamentet vart sett opp. Det er fint at våre vener óg tenker på misjonen i denne samanhengen. Det er viktig at testamentet er formelt i orden, ellers kan det bli sett ut av kraft. Er det ønskje om nærare rettleiing, ta kontakt med Sunnmøre Indremisjon, 70 17 86 70, Adr. Postboks 7836 Spjelkavik, 6022 Ålesund.

Vi tek med eit enkelt eksempel på korleis eit slikt testamentet kan settast opp for at det skal vere gyldig:

Underteikna N.N. stadfester med dette som sin siste vilje at ved min død skal Sunnmøre Indremisjon ha

kr. _____

av den formue som eg etterlet meg.

Stad: _____ Dato: _____

Underskrift

Vi stadfester at N.N frivillig og ved full sans og samling har skrive under testamentet ovanfor medan vi begge var til stades. Vi er kjende med at testamentet inneheld N.N sin siste vilje, og har skrive våre namn på testamentet etter N.N. sitt ønskje.

Stad: _____ Dato: _____

(Underskrift til 1.vitne)

(Underskrift til 2.vitne)

Vitna må vere over 18 år, og habilitet må vere heilt klar. Dei må ikkje stå i noko slektsforhold, eller ha noko tilknytning som gjer at dei står i eit forhold som gjev dei avhengig av den som opprettar testamentet eller den som arvar. Vitna må i vårt tilfelle ikkje vere tillitsvald eller lønsmottakar i organisasjonen.

Årsmelding ImF-UNG Sunnmøre 2017

«ImF-UNG Sunnmøre» er barne- og ungdomsarbeidet i Sunnmøre Indremisjon.

ARBEIDSSTABEN

Følgjande personar har hatt arbeid i ImF-UNG Sunnmøre i 2017:

Randi Fagerhol Lauvås: leiar

Mathias Lindgren Mulelid: 100 % stilling som barne- og ungdomsarbeidar

Hilde-Sofie Blindheim Østrem: 50 % stilling som barne- og familiarbeidar

LEIRARBEIDET

I 2017 hadde vi planlagt 12 leirar, like mange leirar som i 2016. Vi måtte avlyse ein ungdomsleir vinteren 2017, på grunn av for få påmeldte deltakarar. Haustleiren for denne aldersgruppa var positiv, med 22 deltakarar. Vi har hatt god deltaking på dei aller fleste leirane.

Vi har lukkast med å få nok leiarar til alle leirane i 2017. På nokre av leirane har vi hatt ei lita gruppe leiarar frå same plassen, og det har fungert veldig bra. Dette håper vi at vi kan vidareutvikle, og at fleire bedehus/bygder kan stille med eit lite team for eksempel på ein leir i året.

| Deltakarar og leiarar på leir 2017 | | | | |
|------------------------------------|---------------------|--------------|------------------------------------|---|
| | Antal leiarar | Aldersgruppe | Antal barn | Antal leiarar |
| Orreneset | 2 | 5.-7.klasse | 94 | 22 |
| Orreneset | 1 | 8.-10.klasse | 22 | 4 |
| Orreneset | 1 avlyst | 8.-10.klasse | - | - |
| Brusdalsheimen | 4 | 2.-4.klasse | 188 | 38+ 4 hjelpeleiarar |
| Brusdalsheimen | 3 | 5.-7.klasse | 93 | 19+ 3 hjelpeleiarar |
| Brusdalsheimen | Barnegospelfestival | Frå 2.klasse | 65 | 2 + 3 +15 korleiarar |
| | | | 462 totalt (493 i 2016)) | 85 + 10 + 15 = 110 (126 i 2016) |

Vi er svært takknemlege for høvet til å drive leir. Det er eit viktig arbeid, og vi har fått gode tilbakemeldingar frå foreldre, born og leiarar. Sjølv om vi sjeldan veit korleis den enkelte deltakaren responderer på det som vert forkynt så veit vi at Guds ord blir sådd, og det i ei tid der mange ikkje får høyre om Jesus utanom når dei er på leir. Vi opplever at det er endå viktigare enn før å vere tydelege og frimodige i å forkyne sanninga om menneske og Gud, for mange som kjem på leir veit svært lite om innhaldet i Bibelen frå før.

LAGSARBEIDET

I 2017 hadde vi 20 barnelag, 16 ungdomslag (nokre av desse frå 10 år og oppover), 9 barnekor og 1 ungdomskor

| LAG | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|--|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Barnekor | 8 | 7 | 8 | 8 | 8 | 10 | 10 | 9 |
| Barnelag, Ving, Yngstes, Yngres | 34 | 30 | 21 | 21 | 22 | 20 | 18 | 20 |
| Ungdomskor | 7 | 7 | 5 | 5 | 4 | 2 | 1 | 1 |
| In*Puls, Y-ungdom, IUF, ungdomsgrupper, skulelag | 24 | 22 | 18 | 19 | 20 | 18 | 17 | 16 |
| SUM | 73 | 66 | 52 | 53 | 54 | 50 | 46 | 46 |

som var innmeldt i ImF-UNG Sunnmøre. Dette er totalt det same som i fjor. Det er nokre som legg ned eller tek pause, så er det innimellom nokre som startar opp nye lag. ImF-UNG har i sin strategi ein mål om å starte fleire lag, så dersom du veit om nokon som tenkjer å starte opp eit nytt lag så ønskjer vi i ImF Ung Sunnmøre å hjelpe til så godt vi kan med det. Der er økonomisk støtte til oppstart, og ein kan kvart år søke om frifondmidlar.

Lagsarbeidet er eit svært viktig arbeid der ein har moglegheit til å bli godt kjend med borna og ungdomane og ein kan komma tettare innpå enn ein gjer på leir. Ein får ein nærare relasjon til dei i laget, og får ofte følgje barna over tid.

AWANA

Awana er eit verktøy for opplæring og disippelgjering av barn og unge som Indremisjonsforbundet lanserte i Norge i 2017. Awana er utvikla i USA, og blir brukt i over 120 land verda over i ulike kirkesamfunn og forsamlingar. Etter å ha vore i bruk i Fredheim Arena i Sandnes eit år, har alt materiell som har blitt oversett til norsk blitt tilgjengeleg for dei som ynskjer å starte opp Awana-lag.

Bibelundervisning – leik – smågrupper, alt dette er like viktig på ei Awana-samling. Barna skal ha det kjekt i lag, få le og leike seg. Grundig og systematisk bibelundervisning er den andre viktige biten, og som den tredje bolken har dei smågrupper. Her øver dei mellom anna på å lære bibelvers utenat, og så får dei arbeide i dei flotte bøkene som kvar enkelt deltakar får. Desse bøkene skal dei ha med og arbeide i heime, og på den måten blir dette ei hjelp til å snakke om trua også i heimen.

I smågruppene skal barna bli sett, dei kan dele liv og be saman.

Det er mange levande lag, klubbar og søndagsskular rundt om på bedehusa på Sunnmøre. Desse skal vi vere takknemlege for og heie fram. Både for desse eksisterande laga og for eventuelt nye lag kan undervisningsopplegget Awana vere eit tenleg reiskap. Det kan tilpassast både store forsamlingar og små lag i bygder med få kristne og lite arbeid. Det som er nødvendig, er nokre vaksne som brenn for å gi barna det beste. Så tilbyr Awana Norge kurs som utrustar leiarane og materiell som kan hjelpe dei og det enkelte laget til å nå barna med evangeliet. Og målet er at barna skal bli trygge og grunnfeste i trua på Jesus slik at dei vil bli hos han livet ut.

Hausten 2017 starta det opp Awana-lag på Blindheim bedehus, og ei gruppe på Emblem bedehus.

BARNEGOSPELFESTIVALEN

I 2017 var 64 born og 20 leiarar samla på Brusdalsheimen til Barnegospelfestival. Born og leiarar som deltok var frå desse kora: Tusen-



fryd frå Emblem, Godøy barnekor, Vigra YA-kor, Spiren frå Blindheim, Singlt frå Ellingsøya, Brattvåg barnekor, Giske barnekor og Stordal barnekor (kun laurdag). Årets instruktørar var Vidar Åsebø og 3 ungdomar frå Ålesund Soul Teens.

Det vart mange timar med øving, mange songar skulle sitte godt til søndagens avslutningsmøte. Men det var også gode pausar med tid til å vere saman og bli kjent med nye. Vidar og dei 3 ungdomane var svært engasjerande, og barna var med frå første til siste stund. Laurdag kveld hadde leiarane eiga samling, medan barna kosa seg på leirfest.

Søndag var det familiesamling på Blindheim bedehus der det store festivalkoret fekk framføre dei innøvde songane. Ei flott oppleving for både deltakarane og tilhøyrarane, ei samling som engasjerte særleg småbarnsfamiliar. Korfestivalen opplever vi som viktig og ønska, både med tanke på at korleiarane får møte andre med same engasjement, men også at borna får ei helg med fokus på å lære nye songar og å bygge tru og venskap. Tusen takk til de som var med og gjorde dette til ei flott helg.

KonFu

KonFu er vårt konfirmantarbeid som vi har saman med NLM Region Nordvest, Misjonssalen Ålesund og Emblem Bedehusforsamling. Dette er et tilbud for dei som ynskjer å konfirmere seg i Indremisjonsforbundets regi, eller for dei som ønskjer seg eit supplement til den undervisninga dei elles får i andre samanhengar.

Våren 2017 avslutta vi eit konfirmantår med 25 konfirman- tar. Av dei konfirmerte ti seg på Emblem bedehus og to på Skodje bedehus. På Skodje bedehus var det ImF-UNG Sunnmøre som sto for konfirmasjonen i samarbeid med den lokale forsamlinga. Hausten 2017 starta vi med eit nytt kull på heile 33 konfirmantar, noko som er det meste vi har hatt nokon gong! Vi er både stolte og veldig takknemlege for KonFu og for den moglegheita det gir oss til å forme konfirmantane i ei veldig viktig tid i livet der ein tar mange val. I tillegg får vi bli kjent med konfirmantane og bygge

relasjonar med dei, noko som er svært viktig og verdifullt! KonFu er eit flott arbeid og eit flott tilbod som vi er stolte av å kunne tilby. Vi vil også benytte anledningen til å takke alle foreldre som sender borna sine på KonFu. Vær med å be for KonFu.

LUFT

LUFT står for LederUtvikling For Tenåringar og vart starta hausten 2011. Dette arrangerer vi i lag med NLM Region Nordvest. Sommaren 2017 avslutta vi ei LUFT-gruppe som hadde halde på sidan 2015 med et opphald i 2016 det var dei same 6 deltakarane som var med i 2015 som no i 2017. Sidan den gruppa vart avslutta så var tanken å starte en ny LUFT gruppe for dei som var ferdig på KonFu våren 2017. Men dessverre vart det ikkje nok deltakarar til å danne en ny gruppe. Vi vil fortsette å jobbe for at dette arbeidet skal bestå og håper at det vil bli muligheit for det etter at neste KonFu kull vert avslutta. Ver med å be for arbeidet og be om at ungdomane skal sjå viktigheita av å kunne vere med i ei slik gruppe der dei får vekse i kjennskap til Jesus og kan bli forma av Han.

SALOMOKONKURRANSEN

Salomokonkurransen er ein konkurranse der lag konkurrerer i bibelspørsmål, i to klasser, 5.-7. klasse og 8.-10. klasse. Dette året, 2016/17, var det 40 lag som var deltok. Det er ImF-UNG sentralt som står for denne konkurransen, medan dei innleiande rundene foregår i det enkelte lag eller skule.

Finalehelga var våren 2017 på Raknestunet leirstad, på Osterøya utanfor Bergen. 3 lag i kvar aldersgruppe var med. Frå Sunnmøre var eit lag frå Møre Barne- og Ungdomsskule med i finalen i 5.-7.klasse, dei kom på 1.plass. I klassa for 8.-10.klasse var det ingen lag frå Sunnmøre med i finalen.

Denne konkurransen er ei flott anledning til å heve kunnskapen om Bibelen.

Frå hausten 2017 har ImF-UNG bestemt at Salomokonkur-

ransen vert lagt på is inntil vidare. Det har med prioritering av tilgjengelege ressursar å gjere.

NATT TIL 1. MAI GOSPEL

Etter eit års pause, var vi i 2017 igjen med i komiteen til arrangementet Natt til 1.mai-gospel, som er på Blindheim bedehus. Det var ei fin samling med eit bedehus fullt av ungdommar. Bjørn Inge Furnes Aurdal holdt tale og bønn for Krussen. Respons, A2J Teens, Inspired, Ålesund Soul Teens og Søstrene Ulstein bidrog alle med innslag i løpet av kvelden. I tillegg hadde vi lovsangsteam frå Pinsekirka Filadelfia. Dette arrangementet er i samarbeid med Blindheim bedehus og Blindheim Y.

PIT-STOP

20.-22. oktober var det Pit-Stop på Emblem bedehus. Temaet for helga var «Frihet» og talar Hans Arne Sanna talte godt rundt tema på dei tre møta. I tillegg hadde Hans Arne Sanna, Olaug Bjørge og Simon Morris seminar om «Spisebordet», «Forfulgte kristne» og «Mitt personlige møte med friheten». I tillegg var det herleg lovsang, Gospelnight med appell (v/Simon Morris) og mykje sosialt. Dei som bidrog på Gospelnigheten var UFO-Band og Respons. Vi er veldig fornøgde med årets Pit-Stop og vil rette ei stor takk til alle frivillige som var med på å gjere det til ei så flott helg! Takk til Emblem bedehusforsamling som stilte hus og la det praktisk til rette. Vi gler oss allereie til neste gong!

Imfung-sunnmore.no og facebook

Målet vårt er å være til stades på nett og oppdatere nettsida slik at det ofte er noko nytt og aktuelt å sjå på sida vår. Vi prøver å legge inn nye saker, men her har vi absolutt forbedringspotensiale. Påmelding til leir foregår via denne sida, og der ligg også ein del bilder frå leirane våre. Så er der litt informasjon å finne om dei ulike arrangementa våre. Vi er på Facebook og har ei eiga side som heite Ungmisjon og som har ca 500 følgjarar. Dei får oppdateringar om ting som skjer, leirar, arrangement med meir. Her kan den enkelte hjelpe oss med å få ut informasjon, ved å dele, like eller kommentere det vi legg ut, slik at det når fleire.

FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR

For at vi skal klare å gjennomføre leirar og arrangement for barn og unge er vi avhengige av frivillige medarbeidarar. Det har vore, og vil nok framleis vere, ei utfordring å få leirarar og medhjelparar til alle samlingane vi har ansvar for. Vi trur det er mange rundt om på Sunnmøre som ser at både leir og barneopplegg på samlingane våre er viktig, og som gjerne kunne bidra ei helg eller ein søndag for at vi skal få gode samlingar for barn og unge. Kan DU tenke deg å bidra, hadde vi sett stor pris på at du sende oss ein mail eller tok ein telefon

TAKK

Vi i ImF-UNG Sunnmøre vil rette ein stor takk til alle frivillige som er med i barne- og ungdomsarbeidet. Takk til alle lagsleiarar, leirleiarar og støttespelarar.

Takk til alle som støttar oss økonomisk. Det er både enkeltpersonar og lag som bidreg med gåver, vi set pris på kvar ei krone som kjem inn. Takk for anledninga til å få lov å spreie den gode budskapen på heiltid.

Til slutt vil vi takke alle de som ber for ImF-UNG Sunnmøre. Det set vi stor pris på, det er med å bere arbeidet og medarbeidarane, og er ei viktig og verdifull oppgåve for den enkelte som ser verdien av kristent arbeid blant barn og unge. TUSEN TAKK til alle som støttar oss på ulike vis!



Årsmelding Brukt og Nyttig 2017

Driftsåret 2017 må vi vil vel kalle standard for Brukt og Nyttig. Det går jamt og trutt. Vi manglar aldri varer. Det er uttruleg kva som finst rundt omkring på gardane av fine, nyttige ting. Framleis er ca. 30 medarbeidarar med og tek vakter. Vi fekk ein reparasjonskostnad på varebilen som tok ned nettoen litt.

I skrivande stund er det to ting som har vore viktig å få på plass. Varebilen var igjennom EU-kontroll. Den har gått 340.000 km og rusta gjer seg gjeldande. Ei vurdering av fagfolk sa oss at vi måtte rekne med 15. - 20.000,- kr. for å få den godkjent. Vi sette igang og fekk kontakt med ein forhandlar som hadde ein bil som passa oss godt og til akseptabel pris.(Kr. 39.000,-) Dette er no i orden.

Ei anna hending var at Giske kommune ville seie opp avtalen om lagerplass. Krise - spør du meg! Men no har vi fått ny avtale om nytt, større og bedre lagerlokale. Så - ny bil og nytt lager! Ikkje dårleg?

Ved opninga for 4 år sidan siterte vi frå Filp. 4,8: "Alt som folk talar vel om, alt som duger og er ros verdt - gjev akt på det!" Dette gjeld framleis for tiltaket. Netto for 2017 vart Kr. 190.000,-

Følgjande er med i styret: Irene Krokeide Alnes, Alnesgard, Solbjørg Austnes, Godøy, Annlaug Walderhaug, Valderøy, Åse Røsvik, Vigma og Kjell Furnes, Giske.

Kjell Furnes

BRUKT OG NYTTIG VALDERØYA

Tirsdag kl.11.00 -16.00

Torsdag kl.11.00 -16.00

Laurdag kl.11.00 -15.00

Velkommen innom !

- Pene ting blir stadig lagt fram for salg!



Årsmelding for Brusdalsheimen 2017

Året 2017 er for lengst historie. Det har vore bra aktivitet dette året også, men litt lite på sommaren.

Leirarbeidet til SIM er fortsett det viktigaste for oss å drive med, så vi er glade for at det enda er barn og unge som vil på leir.

- 4 minileirar pluss barnegospelfestival.
- 3 leirar for 5. - 7. Klasse.

I tillegg har vi Mannshelg, Kvinnehelg, 60+ leir og PU treff.

Andre arrangement. I år hadde vi fire konfirmant leirar, korhelger, Helse Møre og Romsdal med søskenleir. Kursdagar, skuleklasser på overnatting, konfirmasjons selskap, menighetsturar, bryllaup, åremålsdagar, minnesamvær og førjulsfestar. Ja det er ganske variert, og kjekt og treffe, nye, og mykje folk.

Lotteriet, i år blei det både båt og el-syssel. Lotteriet gjekk ganske greitt, men litt tyngre enn i 2016. Større gevinstverdi og dermed fleire lodd og selje. Men vi satt igjen med et bra resultat som er svært viktig for leirplassane.

Julemarknaden. Her er det ein komité og mange gode hjelpere som gjer ein kjempeinnsats, både i å lage produkt



vi kan selge, og som stille opp før, under og etter sjølv marknaden, den blei inne på Spjelkavik bedehus i år også. Topp resultat ca. kr 130 000,-.

Vedlikehald, heile møtesalen er no bordkledd. Det blei leikta ut, isolert og lagt på plater før den blei bordkledd. Brusdalsheimen og utstyret der har begynt og bli gammalt, og ein del ting måtte fornyast i år. Ny varmtvannstank, ny vakuumpumpe til toaletta, golvvarmen i matsalen sa takk for seg, så her installerte vi varmeomnar.

Økonomi, det vart eit lite underskot, men her viser vi til rekneskapen.

Styret, 1.halvår Knut Aarsund formann, Per Arne Furnes nestformann, Karianne Steffensen sekretær, Reidar Rødstøl styremedlem og Jan Ivar Stokset SIMs representant. Nils Myklebust 1.vara og Ivar Inge Klefstad 2.vara.

2.halvår, Knut Aarsund gjekk ut av styret, ny formann Jan Ivar Stokset, Helen Ulla Langlo ny styremedlem, ny 2.vara Solfrid Riise.

Takk, til alle som hugsar oss i bøn og økonomiske gaver og andre bidrag, styret vårt for styrearbeid og praktisk hjelp, til alle som har hjulpet oss under dei mange arrangementa, vaske dugnadar og andre dugnadar ute og inne. Må nok få nemne "Holy Snickers" utan dei hadde vi ikkje fått bordkledd møtesalen.

Hilde og Arvid Lukkedal

Arrangement 2018 Brusdalsheimen

60+ LEIR

20.-23.august

Talar: Gunnar Prestegård

Inspirasjonsdagar for kvinner

19.-20.oktober

Talar: Aud Karin K. Ringvoll

Julemarknad i Vikakroken

23.-24.november

Årsmelding 2017 - Orreneset misjonssenter

2017 – Drifta på Orreneset er mye lik fra år til år, med stort trykk på vinter og høst. På vår og sommer kan vi godt ha økt belegget noe. Sunnmøre indremisjon er mest representert av forsamlinger og skolene. Her er også nye grupper representert i år. På selvhushold har vi alt fra selskaper til skoler og familiegrupper, det er et fint alternativ hos oss. Besøkstallene totalt viser en liten økning i år.

Bemanning: Anbjørg Kvam Bårnes 100% stilling som daglig leder.

Hans Høydalsvik, vaktmester inntil 20%

Signe Bjørnstad, ansatt på timebasis.

2 elever fra Vestborg og 2 ungdom fra Sykkylven har hatt jobbehelger. Fra i høst har vi kun 1 fra Vestborg og en fra Sykkylven

Styret frem til august: Kåre Bø, Jan Petter Welle, Jarle Fausa, Sigmund Valbø, Ingjerd Baade 1.vara, Daniel Haugland valgt som SIMs styremedlem og Anbjørg Bårnes fra Orreneset.

Etter valget i sommer er styret satt sammen slik:

Sigurd Nybø formann, Anne Helen Ørjavik nestformann, Sigmund Valbø sekretær, Lasse Molnes, Jarle Fausa, Linda Austnes 1. vara.

Styret hadde 4 møter og behandlet 20 saker. Noen saker ble oppfulgt via epost.

Belegg: Gjestedøgnstatistikken viser en økning på 480 fra i fjor. Mens det var færre dagsbesøkende, det skyldes mest fordi vi ikke kunne ha sankthansfeiring på grunn av ei gruppe. 10 – 12 årslirene har godt fremmøte. Tenleirene er fortsatt et vanskelig område å få nok påmeldte til. familieleir for Organisasjonene i Ulsteinvik i påska er blitt en fin tradisjon. Færre Indremisjonsforsamlinger har ellers arrangert familieleir i år på grunn av avlysninger. Konfirmantgruppene er stabile og store. Flere frikirker har også store familieweekender. Skolene i SI og to folkehøgskoler er godt representert – noen på selvhushold.

Konfirmasjon og selskap er det mindre av. 2 bryllup ble avviklet. Noen kurs, korps og kor. Selvhusholdgruppene er et fint tilskudd til drifta.

Orrenesestemne

søndag 19.august

Møter kl. 12 og kl. 15



Statistikk for gjestedøgn og dagsbesøkende 2017:

| | Antall | Gjestedøgn | Dagsbesøk |
|--------------------------------------|--------|-------------|------------|
| Sunnmøre Indremisjon | | | |
| Leir | 3 | 302 | |
| Orrenesestevne, stabstur | 2 | | 190 |
| SI andre | 6 | 760 | |
| Selvhushold SI | 1 | 73 | |
| Totalt SI: | | 1135 | 190 |
| Kristne org /menigheter: | 13 | 2079 | |
| Selskaper/servering/kurs | 5 | | 275 |
| Overnatting, selskap | 2 | 220 | |
| Andre: korps, skoler | 4 | 312 | |
| Selvhushold, dagstur/selskap | 3 | | 188 |
| Selvhushold, m/ overnatting | 15 | 932 | |
| Totalt annen utleige: | | 3543 | 463 |
| Totalt gjestedøgn: 2017: 4678 | | | |
| Totalt dagsbesøk: 2017: 653 | | | |

| | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 |
|-------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|------|
| Gjestedøgn: 4678 | 4198 | 3709 | 4407 | 4108 | 4538 | |
| Dagsbesøk: 653 | 735 | 829 | 1048 | 1121 | 1416 | |

Vedlikehold og reparasjoner:

Bygninger/reparasjoner: Nye foldedører mellom salene.

Utvendig bygg: Hovedhuset ble beisa

Uteområde: Nytt gjerde og porter ved innkjørsla.

Traktor/bil: Det ble vedtatt bytte av bil etter mange merknader på EU godkjenning og feil de siste åra. Isuzu varebil 2014 modell ble kjøpt til 279 000.

Investeringer/vedlikehold utstyr: Det er kjøpt inn 5 sofa-benker, laga av Jarnes møbler til kjellerstue. En del små innkjøp. Ildstedet i gamma har aldri fungert. Nå har vi godkjent bruk av det, etter at det er laga ei glassramme rundt hele ildstedet.

Lotteriet: Båtlotteriet gav 120 000 kr til hvert leirsted. Det var ønskelig at båtlotteriet skulle være en større del av gaveregnskapet, siden dette for Orreneset sin del erstatter giroer med forespørsel om gaver.

Gaveinntekter til Orreneset utenom lotteriet var i år: 177 034 kr.

Økonomi: Resultat før avskrivninger: 86 243 kr.

Årsresultat: kr. 11 470 kr

Takk: Styret vil med dette takke alle som bidrar til at Orreneset er en god plass å komme til, noe vi merker og hører fra gruppene som besøker oss. De ansatte og dugnadsfolk trives med å jobbe her. Mye skyldes at mange ber for oss og stedet, det er vi svært takknemlige for.

Må Guds velsigne få hvile over stedet og våre gjester. Velkommen til Orreneset!

Styret: Sigurd Nybø, Anne Hellen Ørjavik, Jarle Fausa, Sigmund Valbø, Lasse Molnes, Daniel Haugland, Linda Austnes, Anbjørg Kvam Bårnes

Årsmelding for 2017

Plussreiser driver sin virksomhet som turoperatør ved salg og formidling av turer i inn- og utland. Selskapets hovedkontor er i Spjelkavik i Ålesund kommune, med avdelingskontor i Kristiansand og Stavanger. Plussreiser er representert i åtte av landets kommuner.

Plussreiser har blitt den suksessen styret håpet på da Si-Reiser fusjonerte med Ravinala Reiser og kjøpte Sabora Fokusreiser. Det første hele driftsåret som sammenlagt selskap viser en omsetning på 82 mill., og dette gjør selskapet til den største leverandør av Kristne feriereiser i Norge.

Selskapet fikk et overskudd på 1.596.000 før skatt. Det ble satt av 260.000 til utbytte til selskapets eiere som er Sunnmøre Indremisjon, Indremisjonsforbundet, Normisjon, Det Norske Misjonsselskap, Manova, Nordmøre og Romsdal IM, og Indremisjonssamskipnaden. Resten av overskuddet ble på generalforsamlingen 16. april vedtatt og tillegges egenkapitalen.

Egenkapitalen pr. 31.12.17 var på kr. 4.901.110,-

Gjester kommer fra hele Norge. Vårt mål er å stadig få nye gjester til å reise med oss, samtidig som vi ønsker å beholde våre stamgjester. Våre gjester velger Plussreiser fordi de får et bedre tilbud enn det de selv kan få ved å planlegge og bestille reisen i detalj selv. De får reiseledere som ordner opp praktisk, viser omsorg og er en leder i det sosiale fellesskapet på turen. På de fleste av turene får de også Guds ord forkynt, mange av turene med egen forkynner. Som alternativ starter eller slutter mange av dagene på tur med et andaktsord. I Plussreiser er vi stolte over å kunne tilby gjestene noe mer enn ferie.

Administrasjon

Plussreiser har en faglig dyktig og arbeidsvillig stab. De gjør en stor innsats for selskapet.

Plussreiser hadde ved utgangen av 2017 følgende ansatt: Aud Kindervåg Halsne (daglig leder), Kurt André Henriksen, Steinar Kristiansen, Gerd Standal Volle, Corina Klokke, Liv-Hilde Ervik Hellevik, Mona Nordstrand, Sissel Stokset, Kjell Harald Otterlei, Odd Arne Berge, Øyvind Sæthre, Harry Wiig Andersen, Geir Sandvik, Hildegunn Sørhaug, Evy-Gunn Knotten, Signe Solås, John Edvard Olsen, Øystein Ramberg og Ariel Frøyland. Frida Baade er lærling i selskapet. Administrasjon er inndelt i tre enheter. Det er Israel/USA, Europa og Eksotisk. Enhetene er geografisk orientert og alle tilbyr både ferdigsydde påmeldingsturer og skreddersydde gruppeturer hvor kunden selv bestemmer turens innhold.

Salg og markedsføring

I løpet av dette året har mer enn 7000 gjester reist med selskapet. Det ble gitt ut to kataloger i 2017, én for vår & vinter og én for sommer & høst. Her fant kundene den velkjente inndelingen med turer i kategoriene «Kristen bussferie», «Bibelferie i syden», «Israel», «Opplevelsesreiser» og «Eksotiske turer».

Plussreiser AS

Vi har en forholdsvis ny nettside der kundene selv kan bestille sin reise. Denne har blitt godt tatt imot i markedet. Det tilbys fortsatt påmelding via telefon eller på andre måter.

Visjon

Vår visjon er å gå med "Guds Ord til feriefolket". Vi ønsker å gi det norske folk et tilbud om ferie i kristen regi, en ferie hvor Ordet forkynnes til frelse, oppmuntring og tjeneste!

Eiere

Plussreiser AS er 100% eid av Plussreiser Holding AS, som igjen er eid av: Sunnmøre Indremisjon (39%), Indremisjonsforbundet (19%), Normisjon (19%), Det Norske Misjonsselskap/Manova 19%, Nordmøre og Romsdal IM (2%), Indremisjonssamskipnaden (2%)

Styret

Styret har i 2017 behandlet 26 saker og bestod etter generalforsamlingen 27. mars av:

Karl Arne Austnes (styreleder), Per Ørjan Aaslid (nestleder), Bjørn Tunheim, Vagleik Brekke, Ragnar Ringvoll, Anna Sæter. Varamedlemmer var Svein Bjarne Aase (1. vara), Hege Sævik Rabben (2. vara) og Jan Inge Nasvik (3. vara).

På Generalforsamlingen 27. mars 2017 gikk Ole Fritjof Godtfredsen og Kari Røsvik Sundgot ut av styret.

Karl Arne Austnes
Styreleder

Aud Kindervåg Halsne
Daglig leder



Vikakroken AS

Vikakroken AS er et aksjeselskap som eier forretnings-eiendommen i Vasstrandveien 1 i Spjelkavik. Leietagere i Vasstrandveien 1 er: Plussreiser, Sunnmøre Indremisjon, Sunnmøre Begravelsesbyrå, Radio Sunnmøre. Vika-Kroken AS har ingen ansatte, kostnadene til den daglige drift og ledelse ivaretas og faktureres fra Plussreiser AS.

Vika-Kroken AS eies av Sunnmøre Indremisjon 48%, Indremisjonsforbundet 24%, Normisjon 24%, Nordmøre og Romsdal Indremisjon 2%, Indremisjonssamskipnaden 2%. Selskapet hadde i 2017 en omsetning på kr. 482.500,-. Selskapet hadde i 2017 et årsresultat på kr. 164.037 før skatt. Det ble vedtatt å betale ut et utbytte på kr. 100.000 til våre eiere, resten av overskuddet ble tillagt annen egenkapital.

Egenkapitalen pr. 31. desember 2017 er kr 3.646.1459,-. Styret i Vika-Kroken AS bestod etter generalforsamlingen 27. mars av: Bjørn Tunheim (styreleder), Karl Arne Austnes og Ragnar Ringvoll. 1. vara ble Svein Bjarne Aase. På Generalforsamlingen 27. mars 2017 ble Ole Fritdjof Godtfredsen erstattet av Ragnar Ringvoll.

Bjørn Tunheim
Styreleder

Aud Kindervåg Halsne
Daglig leder



SOMMER & HØST 2018
GRUPPEREISER I KRISTEN REGI



 **PLUSSREISER**
— mer enn ferie

BUSSFERIE I KRISTEN REGI BIBELFERIE I SYDEN ISRAEL OPPLEVELSESREISER EKSOTISKE REISER

Årsmelding for 2017 frå **Daggry Barnehage**

Daggry Barnehage på Valderøya flytta inn i nytt bygg i august 2017, og vi ligg no vedsida av den nye barneskulen. Vi utvida då med ei ekstra småbarnsavdeling og større storbarnsavdelinger, så vi har no 72 barn fordelt på 4 avdelinger.

2017 har vore eit spesielt år for oss, først våren med ferdigstilling av barnehagen og flytting, og hausten der vi har brukt mykje tid og krefter til å bu oss inn i det nye bygget, med mange nye barn og foreldre, nytt personale, nye rutiner og mykje praktisk dugnadsarbeid. Men vi er veldig takksame overfor eigar og Moldskred AS, som har laga ein så flott og funksjonell barnehage, og at personalet har fått vore med i heile prosessen frå den første teikninga, slik at den har blitt akkurat slik vi ynskte. Ei særskilt takk til Karl Arne Austnes i Sunnmøre Indremisjon, som har stått på for oss gjennom heile byggeprosjektet, og brukt mykje av fritida si for oss! ☺

I personalgruppa er vi tilsamen 26 personer, fordelt på 19,8 stillingar, inkl assistenter som arbeider særskilt på barn med særskilte behov. Personalet har avdelingsmøter, leiarmøter, og vi har hatt 8 personalmøter på kveldstid dette året. Det vert satsa mykje på kvalitetsutvikling, både i forhold til det faglege, trivsel og arbeidsmiljø, og personleg utvikling, og vi deltek på fleire kurs gjennom året.

Vi set stor pris på godt samarbeid med eigar, og sjølv om vi oppheld oss i ei anna kommune, så merker vi at eigar

ynskjer å ta godt vare på oss.

Giske kommune har vi nært samarbeid med, særskilt med barnehagekonsulent og dei andre barnehagane, både gjennom faglege prosjekt, kurs, styrarmøter, nettverk, tilsyn, m.m.

Vi er PBL barnehage (Private barnehagers landsforbund), her har vi tariffavtalen vår, alle forsikringer, pensjon, bedriftshelseteneste og HMS-system. Dei gir oss god støtte på alt av regelverk, arbeidsmiljø, fagleg, og på dei aller fleste områder.

Personalet legg stor vekt på det viktige samarbeidet med foreldra, gjennom foreldremøter, i brukarundersøking, foreldrekonferanser, dugnad, julefest, sommarfest, foreldrekaffi, påskefrukost, og dagleg kontakt i bringe- og hentesituasjoner. Kvar månad vert "Daggry-posten" og månadsplaner for kvar avdeling, sendt ut til foreldra. Vi har også heimeside, og facebook-gruppe der vi når foreldra med informasjon.

Vi har også samarbeidsprosedyrer med PPT, helsestasjon, barnevern, og barneskulen i samband med barn som skal over frå barnehage til skule.

Årsplanen vår er bygt på Barnehagelova, Rammeplan for barnehagen, Kvalitetsplan for oppvekst i Giske kommune, og vedtektene for Daggry. Hovudmålet er å gje barna gode utviklings- og aktivitets-tilbod. Barnehagen skal i nær forståing med borna sine heimar hjelpe til med å gje barna ei oppseding i samsvar med dei kristne grunnverdiane.



Barnehagen sin viktigste profil utad, er at det er ein kristen barnehage, og innhaldet er prega av det.

Visjonen vår er: "Daggry barnehage -med Guds kjærleik til barna", og det kristne innhaldet i barnehagen er godt integrert i kvardagsaktivitetane, Barnehagen har også sitt eige barnehagekor. Leik og livsmeistring er satsingsområdet vårt i ein 4-årsperiode. Vi jobber med identitet, vennskap, samspel og fellesskap i barnegruppa. Barna skal lære haldningar og verdier som trengs for å fungere i eit fellesskap og eit samfunn. Det handler om å ta vare på kvarandre, vise empati, omsorg, ansvar og respekt. Vi nyttar naturen mykje som opplevings- og lærings-arena, der det er fokus på undring og utforsking.

Daggry er med i realfagsprosjekt i Giske kommune / UDIR. Her jobber vi med grunnlaget i matematikk og naturfag gjennom fagområda i Rammeplanen. Vi deltek også i eit stort 3-årig utviklingsarbeid som går på leiing og implementering av ny Rammeplan, saman med barnehagar i Giske og Sula kommune. All læring i barnehagen skal skje gjennom leik, opplevingar og utforsking, og barna skal få lære med heile kroppen og alle sanser, dei skal få leike inn det grunnlaget dei treng til å kunne meistre livet sitt vidare på ein god måte.

Pga av det spesielle året vi har hatt, med bygging og mange uforutsette utgifter, så har vi i 2017 fått eit underskudd i årsrekneskapa på kr 628.719,- Dette var forventa, og det skal ikkje vere noko som gjer at vi ikkje kan drive godt vidare.

Styret og Samarbeidsutvalet for barnehagen hausten 2017

| | | |
|------------|------------------------------|----------------|
| Eigar: | Anders Bjørnerem -leiar | styret og SU) |
| | Hans-Louis Valderhaug | (styret og SU) |
| | Randi Fagerhol Lauvås | (styret og SU) |
| Personale: | Marte Tolo Skjong | (styret og SU) |
| | Anita Ytterland | (styret og SU) |
| | Kari-Lise Nordstrand –styrar | (styret og SU) |
| Foreldre: | Marita Longva | (SU) |
| | Beate Standal | (SU) |

Det vart halde 5 møter i styret og samarbeidsutvalet i 2017.

Kari-Lise Ose Nordstrand
-styrar ved Daggry barnehage



Ålesund Folkehøgskole

ELEVSITUASJONEN:

Våren 2017 fullførte 108 elevar, hausten starta vi med 92 elevar. Generelt er det gode tider for folkehøgskolane, sjølv om vi grunna særlege forhold fekk ein nedgong denne hausten. Aldersgrensa er 18 år og nesten alle elevar kjem frå fullført vidaregåande skole.

PERSONALET:

Personalet har gjort ein stor innsats gjennom året, og vi vil takke kvar enkelt for medeigarskap og god innsats.

Endringar gjennom året: Gunnhild Aksnes Kristiansen gjekk ut av vikariat, Oddgunn kom tilbake frå permisjon, Hreidar Haukur Kárarson er ny vaktmeisterassistent og nye miljøarbeidarar i deltidsstilling eittårskontrakt kom til. Denne delstillinga let seg kombinera med leiartreningslina for 2. års elevar.

Administrasjon og leiing: Sven Wågen Sæther (rektor) Lars Johan Klock (undervisningsinspektør), Bente Søgner Blindheim (kontorfullmektig), Audny Mongstad (administrasjonsleiar).

Lærarar: Oddgunn Ervik, Matthias Furrer, Ato Owusu-Ado, Hallvard Nordstrand, Maria Helen Ramstad, Gunnhild Aksnes Kristiansen (våren), Kristin Blindheim, Ragnhild Eide Aksten, Knut Ståle Løvoll Thomassen, Per Strøm, Jan Kristian Behrentz, Ingrid Rødset.

Internat og kjøkken: Randi Stige Øvstebø (internatleiar), Jorunn Håskjold (kjøkkenleiar), Marit Valen, Elisabeth Sleipnes, Helga Birgisdóttir, Astrid Søreng, Tone Kvammen Langnes, Stine Sleipnes, Britt Holmberg. Kristina Nergård Fagerhol (miljøarbeidar RBF)

Vaktmeistar: Jon Harald Strømme.

Miljøarbeidarar delstilling vår: Ingvild Lindkjenn, Håkon Jerstad, Emma Fosse, Emma Åmot, Ådne Skanse, Benjamin Benden og Dennis Mwanzia Wambua.

Miljøarbeidarar delstilling haust: Julia Wold, Maria Skarstad Sørensen, Herman Granlund, Nora-Therese Reberg, Kristina Bakke, Magnus Thomassen, Kristian Bjånes, Nils Simen Røraas.

BYGNINGAR OG INVESTERINGAR:

Det har blitt investert for 1,6 millionar kroner ved Ålesund folkehøgskole i 2017. Lausøyre står for 0,4 mill, bygningane har fått 0,754 mill. og namneskiftet har fått 0,465 mill av summen. Den største enkeltsummen kjem av at vi bygde heis i skulebygget for å gjere skulen meir tilgjengeleg.

ANNAN BRUK AV LOKALA:

Totalt for anna verksemd var det for 2017 ein omsetnad på 3,02 millionar kroner. 2016: 3,18 mill tilsvarande 2,3% nedgong. Vi nådde nær same omsetnad som i 2016 på tross av at vi denne sommeren ikkje hadde store arrange-

ment som IMF si generalforsamling. I summen ligg også utleige av skolekjøkken og Borghall til Møre ungdomsskole. Festsalen blir leigd ut til Spjelkavik kyrkjelyd til Gudstenester og Sunnmøre Indremisjon nytter festsalen til samlingar.

NAMNESKIFTE OG ORGANISASJONSFORM

Vi har oppretta verksemda Ålesund folkehøgskole og fram til endring av vedtekter driv føretaket Borgund folkehøgskole no skulen under dette namnet. Dette er eit godt høve for skulen til å velje ei tenleg organisasjonsform som passar vår verksemd. Styret har sett på tre alternativ: stifting, aksjeselskap og foreining. Styret la tidleg bort stifting som alternativ. Det er innhenta juridisk vurdering frå arbeidsgivarforeininga Virke om kor vidt ein ved aksjeselskap eller foreining som organisasjonsform har godt skilje mellom skule og eigar økonomisk, samstundes som eigar har full råderett med skulen. Styret i forståing med styret i SI, har vald å legge fram forslag til vedtekter som gjer skulen til ei juridisk foreining tilslutta Sunnmøre Indremisjon og Indremisjonsforbundet. Foreininga sine medlemmer skal vere dei som til ein kvar tid sit i styret for Sunnmøre indremisjon.

Bakgrunnen for sjølve namneskiftet er den langsiktige nytta vi vil ha av å bli tydeleg plassert på kartet. Ålesund er ei merkevare som regionen vår brukar store ressursar på å marknadsføre. Våre elevar kjem no frå heile landet, svært få er rekruttert frå området som kjenner til kor vårt Borgund ligg. Langt fleire søkjarar ser for seg sterke bilete når dei høyrrer «Ålesund»; bilete av ein fin by, eit område med tindar, fjordar og øyer, og sentral plassering midt i landet.

INNALD:

Vi held fast på ein identitet som reiseskolen mellom folkehøgskolane. Vi er kristen skule med 170 ord for dagen for alle elevane. Vi formidlar trusfortellingar i Norge, Israel og på reiser ut i verda. I tillegg har vi frivillige tilbod til dei som ønskjer meir av kristent innhald i skoleåret sitt. Vi kan nemne minikor, bibelgrupper, nonstopGud-grupper (temasamtaler heime hos lærarane), Open post (møte med personar med ei historie) og onsdagsmøte. Også dette siste året kan vi fortelje om ei stabil gruppe på 20 – 30 elevar som sluttar opp om onsdagsmøta kvar gong. Her er det lovsong og ein forkynning av våre eigne og talarar utanfrå. NonStopGud-gruppene har framleis godt oppmøte og har hatt ca 70 elevar på heimesamlingane. Vi vil vere en tydeleg skole, slik at nye kan kome til tru og dei som trur kan bli grunnfesta.

Vi har gått igjennom mange sider av korleis vi driv skule, og snur dei steinane vi rår over. Ein av prosessane vi har gjennomarbeidd denne hausten har vore kva kjennemerke skulen vår skal ha – kva er våre kjerneverdiar? I vår kjerne vil vi vere Kristen, Leiken, Aktuell, Raus og Ekte. Vi kan KLARE det saman.

Arbeid med prisinnretning, innhald, kvalitet og marknads-

føringsmateriell gir resultat; i skrivande stund har vi nær 80% auke i søknadar og vel dobling av ja-svar for hausten 2018. Vi gler oss over dette.

ØKONOMI:

Revidert rekneskap for 2017 viser eit årsresultat med overskot på kr 127 714,- når finanspostane er rekna med. Budsjettet var lagt i balanse. Til samanlikning vart årsresultat i 2016 et overskot på kr 1 008 851,-. Skulen si langsiktige gjeld utgjer no kr 34 981 422,- (2016: kr 34 365 225,-). Omsetninga auka frå 26,6 mill. til 26,7 mill. frå 2016 til 2017. Vi fekk 20 færre betalande elevar enn vi budsjetterte med for hausten. Svikten skuldast ei ny og uheldig prissamanlikning mellom folkehøgskulane på vår felles nettstad folkehøgskole.no. Samla gir 20 færre elevar 1,4 mill i tapte internatinntekter i tillegg til det meir langsiktige tapet i tilskotslevtal. Personalet har vist stor innsats både i å utvikle catering – sommerdrift og i å ta inn fleire elevar med NAV stønad, slik at vi kunne drive med nær same bemanning trass elevtalsnedgangen. Ein del av kostnadane til nylansering av skulen i samband med namneskiftet er ført som investeringar. Samla la dette grunnlaget for at vi også dette året har eit overskot i drifta. Overskot er nødvendig skal vi kunne drive utvikling og vedlikehald av bygningssmassen vidare framover.

RAPPORTERING OG SJØLVEVALUERING

Våren 2017 leverte vi sjølvvalueringssrapport om berekraft og miljø. Dette var siste del av eit prosjekt mange av folkehøgskulane var med på.

STYRET:

Frå eigarane: Odd Christian Stenerud – styreleiar, Jostein Morits Molvær – nestleiar, Arild Austnes og Håvard Nybø. Vararepresentantar: Erna Løkkeborg, Oddbjørn Brunstad, Hildegunn Fylling. Rektor: Sven Wågen Sæther. Frå dei tilsette: Ragnhild Eide Akslen. Vararepresentant: Robert Botn. Frå elevane: Elevrådsleder: Herman Granlund (vår), Ingrid Fevang (haust).

TAKK:

Skulen er takknemleg til alle som har vist trufast støtte og vore med oss i bøn for året som gjekk. Følg med oss på nettsida og i sosiale media, be for oss og bli glad i skulen din som ditt ungdomsarbeid.

15.2.2018

Odd Christian Stenerud – styreformann

Håvard Nybø

Arild Austnes

Jostein Morits Molvær

Ragnhild Eide Akslen – tilsettrepr.

Ingrid Fevang – elevrepr.

Sven Wågen Sæther – rektor

holde arrangement?

BRUK FASILITETENE PÅ ÅLESUND FOLKEHØGSKOLE

Vi har **amfi** til kurs og konferanser, **idrettshall** til trening og barnebursdag, **selskapslokale** for mindre forsamlinger, samt **kultursal** til konsert og storsamling!

Vi tilbyr også **catering** med hjemmelaget mat fra Borg Catering.

Møre Ungdomsskule, Ålesund

Møre Ungdomsskule – Eg lyfter mine auge.

Eg lyfter mine auge ønskjer vi skal vere ei overskrift over skuledagen på Møre Ungdomsskule – og slik og vidare i livet.

Vi ønsker at både elevane våre, personalet og andre som kjem innom skulen vår, skal få oppleve å løfte auga mot Han som har skapt himmelen, jorda og kvar og ein av oss.

Eg lyfter mine auge vil og seie at vi ser vidare ut enn berre til oss sjølve, og at vi bryr oss om at dei rundt oss skal ha det bra.

Vi ønsker at dei kristne verdiane skal kome tydeleg fram i vårt arbeid med å utruste ungdomane til å møte livet og framtida, bli sjølvstendige og ta ansvar for seg sjølve og sine medmenneske.

Dette skal prege skulekvardagen vår.

Ver med og be om at Gud må bruke det vi gjer og får vere for elevane våre i skulekvardagen!

Vi er eit alternativ i skulelandskapet og har dei kristne grunnverdiane som rettesnor.

Vi har både rett og plikt til å synleggjere det kristne verdi-grunnlaget vårt i fagplanane og i den faglege tilrettelegginga.

Styret for Møre Ungdomsskule

Møre Ungdomsskule er organisert som ei stifting, og det er styret i Sunnmøre Indremisjon som vel medlemar til stiftinga sitt styre. Dei andre i styret har uttalerett, men ikkje stemmerett.

Styret for Møre Ungdomsskule har frå hausten 2017 vore samansett slik:

Helge Dimmen(leiari), Margunn Hasle Eide(nestl.), styremedlemmar: Knut Eilert Røsvik, Turid Nordstrand Rødset



og Arnstein Ørjavik. Vara: Daniel Haugland, André Fiskerstrand og Berit Nyvoll.

Andre representantar: Ellen B. Indrebø(foreldre) Gøran Heimdal (Ålesund komm.),

Hege Klungsøyr(lærarar), Per Alnes (andre tilsette), Sara M. Holmen og Kristian Engås (elevar)

Rektor/sekretær : Signe Urtegard

Styret har i 2017 hatt 5 styremøter og handsama 50 saker. I samarbeid med dei to andre Møre-skulane og Molde friskule, arrangerte vi og i år kurs for styre-medlemmer der vi hadde besøk av Jan Erik Sundby frå Kristne Friskolers Forbund.

Vi ynskjer å rette ei stor takk til kvar einiskild i styret for det viktige og nødvendige arbeidet de legg ned for skulen!

Elevane

Våren 2017 hadde vi 104 elevar og hausten 2017 var elevtalet 94. Ved elevtellinga 1. oktober 2017 fordelte elevane seg på slik på heimekommuner:

Ålesund 77 elevar, Sula 8 elevar, Skodje 2 elevar, Sykkylven 2 elevar, Giske 4 elevar, Haram 1 elev. Elevane fordelte seg slik: 10.klasse: 28 elevar, 9. klasse; 29 elevar og 8.trinn: 37 elevar.

Skuleåret 2017/18 var det færre som takka ja til skuleplass. Dette var årsaka til at styret for skulen vedtok å ta inn to klasser også for det komande skuleåret. Arbeidet med inn-tak er godt igang.

Dette vil utfordre oss ekstra eit par år framover på plass både for elevar og tilsette og ikkje minst aktualisere behovet for utbygging.

Tilsette ved Møre Ungdomsskule frå hausten 2017:

Lærarar: Kjell Eivind Holmen, Eldbjørg U. Rønneberg, Øystein Engås, Heidi Fink, Ole Knut Giske, Per Gunnar Hamnøy, Trine Johansson, Karina Leine, Hege Klungsøyr, Toril Fagerhol Nøstrud, Øystein Runde, Elisabeth H.Sairosi, Olav Sæbø, Gry Sæther, Rune Sæther, Robert Tron Tjomlid, Synnøve Øye, Ragnhild Wold, Signe Urtegard

Andre tilsette: Inger Klungsøyr, Per Alnes, Mona Husøy Lie, Jonny Hatlehol

Vi gler oss over elevar som i stor grad fortel om eit godt og trygt læringsmiljø. Møre Ungdomsskule har eit velkvalifisert og engasjert personale som identifiserar seg med skulen si kristne målsetting og som arbeider aktivt for at skulen skal bety noko godt og positivt både i opplærings- og danning-oppdraget. Difor er det og all grunn til å takke eit samla personale for det store og viktige arbeidet dei utfører ved skulen vår!

Læring

Vi har mange godt innarbeidde tradisjonar på skulen vår som er viktige for læring og læringsmiljø.

Årsmelding for 2017



10.klassingane drog også denne hausten til Krakow der elevane m.a besøkte Auschwitz. Ein flott tur med mange sterke inntrykk. 8. og 9.klassingane var på overnattingstur på Orreneset. Ein god måte å bli kjende med kvarandre på tvers av klasstrinna.

Den viktigaste jobben for å få til eit godt læringsmiljø er likevel den jobben som vert gjort kvar dag - i klasserommet. Dette er eit av fokusområda våre. Vi har saman med dei andre ungdomsskulane i Ålesund delteke i i den nasjonale satsinga Ungdomstrinn i Utvikling. Vi møtast saman i nettverk og får fagleg påfyll og får dele erfaringar med kvarandre på tvers av skulane. Dette er eit samarbeid som er planlagt vidareført etter at den nasjonale satsinga er over.

Vi som er leiarar for Møreskulane og Molde Friskule møtast og jamlegt.

Misjonsprosjekt

Misjonsprosjektveka i januar hadde fokus på misjonskall og teneste.

Dette året blei vi kjende med Wycliff sitt arbeid. Med stort engasjement og kreativitet gjorde ele-var og lærarar ein flott innsats for å samle inn pengar til bibeloversetting for saafi-folket i Senegal.

Gjennom misjonsveka, familiefesten og misjonsløp vart det samla inn kr. 86 546.



Misjonsprosjektveka er og ei veke der elevane vert delt i grupper på tvers av klasser. Derfor er det og ei viktig veke for skulemiljøet og bygging av fellesskap på tvers av klasser.

Møre Ungdomsskule og «vegen vidare»

Våren 2016 fekk vi godkjenning av Utdanningsdirektoratet til å utvide drifta med barnetrinn.

Utgangspunktet for arbeidet er å utvide skulen med fådelt barneskule og to parallelar på heile ungdomstrinnet. Dette året har vi arbeidd med kva mulegheiter for utbygging vi har innanfor dei økonomiske rammene vi har, eit krevande prosjekt som vil vere eit stort løft for skulen og som vil gi oss store økonomiske utfordringar i mange år framover.

Økonomi

Inntektene til skulen består av statstilskot, elevbetaling og tilskot frå kommuner til å dekke spesialundervisning. Elevbetalinga er 10 500,- pr. år. Dersom søsken er elevar samtidig, betalar den eine full pris, elevbetalinga for den/ dei andre blir halvert.

Færre elevar frå hausten 2017 er ein stor del av årsaka til at det dette året vart eit negativt driftsresultat på kr. 408 530.

Vi treng at de som misjonsfolk er med å be om at vi som skule og skuleeigar må få visdom og mot til å satse klokt og framtidsretta.

For Møre Ungdomsskule

Helge Dimmen
Styreformann

Signe Reidun Urtegård
rektor

Møre barne- og ungdomsskule Herøy

Møre barne- og ungdomsskule er ein kristen grunnskule på Søre Sunnmøre, no inne i sitt 14.driftsår. Skulen er ei sjølvstendig stifting, med styret i Sunnmøre Indremisjon som stiftinga sitt råd. Den kristen grunnskulen utgjer eit alternativ til offentleg skule, der ein står fritt til å formidle evangeliet om Jesus! **Dette utgjer ein flott kombinasjon av skularbeid og kristent arbeid!**



Visjon om kvalitet

Skulen er grunna på det kristne trus- og verdigrunnlaget og vil i alt sitt virke søkje å gje elevane det beste dei kan få for både livet og det evige livet.

Skulen sin visjon er knytt til orda **kvalitet, kunnskap, kjennskap og karakter**, og lyder slik: "Møre barne- og ungdomsskule legg vekt på kvalitet gjennom god kunnskapsformidling, nær kjennskap til den kristne trua som skulen er grunna på, og å utvikle ein sterk og trygg personleg karakter hjå elevane."

Elevar

Elevtalet var ved utgangen av 2017 på 140 elevar, med 75 på barnetrinnet og 65 på ungdomstrinnet. Elevane kjem frå Herøy, Ulstein, Hareid, Volda, Ørsta, Sande og Ålesund kommune. Skulen har søkjarar på fleire ulike årstrinn, med hovudvekt på 1.trinn og 8.trinn. Skulen har igjen ei markert auke i elevtal.



Skulen vil oppmode misjonsfolket til å tale vel om skulen, og hjelpe kristne foreldre i å gripe sjansen til å få ei trygg og god støtte i oppdraging og opplæring av sine born og ungdommar. Skulen skal først og fremt vere eit kristent skulealternativ!

Styret

Styret for skulen er både tverrkyrkjeleg og geografisk spreidd samansett. Dette for å kunne gje skulen eit større nedslagsfelt og synleggjere for kristenfolket på Søre Sunnmøre at dette er eit arbeid vi som kristne får stå saman om. Ved utgangen av 2017 sat fylgjande faste valde representantar i styret: Odd Asbjørn Nybø (leiar) Svein Frøystad, Liv Randi Knotten, Håvard Ringstad og Linn Therese Sævik.

Tilsette

Skulen hadde ved utgangen av 2017 35 tilsette, derav 20 kvinner og 15 menn. Staben bestod av 22 lærarar, 8 assistentar og 5 administrativt tilsette. Skuleleiinga består av Arve Fiskerstrand (rektor), Knut Einar Tokheim (assisterande rektor), Kari Røsvik Sundgot (inspektør barnetrinn),



Årsmelding for 2017

Runar Langnes (inspektør ungdomstrinn) og Liz-Miriam Saanum Haddal (kontormedarbeidar).

Styret vil takke kvar einskild for arbeidet som er utført, til glede for menneske og til ære for Gud!

Misjonsprosjekt

Skulen har dette året gjennomført misjonsprosjekt til støtte for Åpne Dører. Misjonsprosjektet synleggjere den diakonale sida ved den kristne tru og lære, og gjennom lokal arbeid i Åpne Dører fekk vi dette året eit nært kjennskap til kva det i praksis ville seie å få vere til hjelp for born og unge i eit anna land. Etter prosjektveka vart det gjeve kr 72 011,- til prosjektet. Ei stor takk til elevar, lærarar og andre deltakande for engasjement og innsatsvilje!

Økonomi

Skulen vil frimodig utfordre til bidrag til dette viktige misjonsarbeidet! Ta kontakt med skulen på tlf 70 08 05 50 eller gje ei gåve direkte til 3000.18.45655.

Takk

I påske les vi blant anna i Luk 23 om dei to røvarane på korset. Dei bad eigentleg begge to om frelse:

*”Er ikkje du Messias? Frels deg sjølv og oss!”
«Jesus, kom meg i hug når du kjem i ditt rike.»*

Så les vi av samanhengen at det berre var den eine frelsesbøna som kom frå hjartet. Jesus var ikkje sein med å respondere på hjertespråket, og inviterte med glede den eine røvaren med til Paradis.

Dette er målet også med å drive kristen skule, å få barn og unge til å gripe evangeliet med både tanke og hjarte, og få vende seg til Gud slik som røvaren på korset, frå hjarte til hjarte.

Ei varm takk til kvar og ein av dykk som tek med skulen i bønene dykkar. Skulen vil gjerne vere ditt bønnebarn!

Skulen finn ein på Industrivegen 1 på serviceområdet i Myrvåg nær Dragsund, på nettsida www.moreskule.no, og på facebookside www.facebook.com/moreskule.

Odd Asbjørn Nybø
- styreformann -

Arve Fiskerstrand
- rektor -

Møre barne- og ungdomsskule Skodje

Møre-skule vekst vidare

Møre barne- og ungdomsskule Skodje er den tredje grunnskulen knytt til Sunnmøre Indremisjon. Skulen starta opp med skuledrift i august 2015, og er kome godt i gang i leigde lokaler i Brusdalen i Skodje kommune. Skulen er organisert som eit aksjeselskap med skulestyre og det til ei kvar tid sitjande styret i Sunnmøre Indremisjon som til saman utgjer aksjeselskapet si generalforsamling. Som dei to andre Møre-skulane på Sunnmøre så arbeider vi for å vere ein kvalitetsskule reint fagleg og pedagogisk – i tillegg til å vere eit alternativ til den offentlege skulen. Eit alternativ med tydeleg kristen forankring, der vi står fritt til å formidle evangeliet om Jesus. Dette utgjer eit godt høve for skulen, og for Sunnmøre Indremisjon for øvrig, å konkret og praktisk ta samfunnsansvar på Sunnmøre. Dette gjer vi ved å tilby skuleforeldre hjelp med utdanning og utrustning av sine born til å kunne verte framtidens trygge og sjølvstendige vaksne.

Elevar

Med 50% elevvekst hausten 2016, så er det merkbart at veksten forsatte også denne hausten. 45% vekst vart det ved skulestart i august der 85 elevar var med inn i vårt tredje driftsår. Ved utgangen av 2017 hadde skulen 80 elevar (ca 50 på barnetrinn og 30 på ungdomstrinn). Elevane kjem frå fire ulike kommunar - Skodje, Haram, Ørskog og Ålesund.

Søkartal for komande skuleår er framleis gode, og skulen kan truleg vente seg ei vekst på mellom 20-30 nye elevar hausten 2018. Skulen har søkarar på fleire ulike trinn, med hovudvekt på 1. og 8.trinn. Veksten vil likevel ikkje verte like stor, då det «går ut» ein klasse for første gang (10.trinn som uteksamineres).

Styret

Skulestyret består av leiar, nestleiar og tre styremedlemmar. Det er i tillegg to varamedlemmar. Styret har hatt 7 styremøter og handsama 48 saker. Ved utgangen av 2017 var styret samansett slik:

| | |
|------------------------|---------------------------------------|
| Odd Asbjørn Nybø | leiar |
| Ole Bjørn Vik | nestleiar |
| Kjetil Clementsen | styremedlem |
| Rune Sæther | styremedlem |
| Solbjørg Stokken | styremedlem |
| Grethe M. Huse | foreldrerepresentant |
| Kristianne Kvalsvik | elevrådsrepresentant |
| Therese Helgesen | representant for pedagogisk personale |
| Olgunn Oksavik | representant for øvrige tilsette |
| Geir Ove Leite | representant for Skodje kommune |
| Ingrid Kvam Steinshamn | rektor og sekretær for styret |

Vara:

| | |
|-------------------|-----------------------------------|
| Geir Hokåsmoen | 1.vara (møter fast til styremøta) |
| Robert Vestgarden | 2.vara |

Tilsette

Ved utgangen av 2017 var det 30 tilsette ved skulen fordelt på i overkant av 21 årsverk:

Per Magnus Austnes, Kristine Bjørkavoll, Nils Einar Berget, Hege Dalhaug, Gunvor Aarset Dirdal, Ingrid Eide-Opsskar (permisjon), Lise-Kari Tennfjord Engås, Ingrid Fredly, Kjersti Tengesdal Haug, Therese Helgesen, Rebeca Hånes, Kristine Kjerstad, Eivind Landro, Kristine Vik Magerholm, Martin Nøstrud, Olgunn Oksavik, Elisabeth M. Sandli, Chris Martin Kleiveland, Åshild Fauske Solevåg (permisjon frå nov), Karoline Starheimsæter, Sigrun Stendal, Dag Øyvind Sæter (permisjon frå august), Bodil Ekroll Nakken, Åshild Valbø Sæther, Synnøve Solheim Rasmussen, Kristin Barmala Woldsund (permisjon frå mai), Marianne Meland Ødegård (permisjon frå august), Hans Roger Hosøy, Noemi Kalvø, Marit Ødegård, Øyvind Woldsund.

Læring og skulekvardag

På Møre barne- og ungdomsskule Skodje gjev vi opplæringa i dei ulike faga etter Kunnskapsløftet frå 2006.

I kristendomsfaget gjev vi opplæring etter eiga godkjend læreplan. Hausten 2017 har vi tilbydd to valfag for ungdomsskuleelevarane våre. Dette har vore "Trafikk" (med høve til å ta trafikalt grunnkurs inkl i faget) og «Design/Redesign» der elevane lærer om god og kreativ gjenbruk.

Eit nytt år med skuledrift har vore positivt prega av at vi har fått ein dyktig inspektør i Bodil Ekroll Nakken. I tillegg har 10.trinn har vore i Krakow for første gang, der dei fekk verte kjend med detaljar frå andre verdskrigen, og jødeforfølginga. Vi drog saman med Møre Ungdomsskule, Ålesund – og gjer det gjerne fleire gongar.

Ellers nyter vi området i Brusdalen med fast utedag ein dag i veka for 1.-4.trinn, fjellturar, gapahuk og ikkje minst gymsalen som ligg i skuleanlegget vårt. Vi er takksame for høve til å starte opp i Brusdalen, og er samstundes spente på kor det permanente skulehuset skal lokaliserast.

Økonomi

Skulen sine inntekter kjem vesentleg frå statstilskot som vert utbetalt kvar månad. Dette er elevtilskot knytt til elevtallet. I tillegg betalar føresette ein sum skulepengar som skal støtte drifta noko. Utgifter knytt til spesialundervisning og undervisning av framandspråklege elevar vert dekte av heimkommunane til dei elevane det gjeld.

Årsrekneskapen for 2017 er sett opp med tanke på vidare drift. Styret stadfester med dette at føresetnaden for vidare drift er til stades, og er takksame for at regnskapet for 2017 viser gode tal.

Skulen vil særleg takke alle som har gitt skulen ei ekstra støttegåve i samband med etableringa av skulen. Det har vore avgjerande for oss! Vi vil frimodig utfordre fleire til å

Årsmelding for 2017

bidra til dette viktige misjonsarbeidet. Ta kontakt med skulen på tlf: 71 70 70 51 eller gje gåve direkte til gåvekonto: 8220.02.80632. MERK med «Gåve til Møre barne- og ungdomsskule Skodje», så vil du kunne få skattefrådrag for dette.

Framtidig utvikling

Skulen har opplevd gode elevtal desse tre første driftsåra. Og det er allereie gode søkartal for komande skuleår. Det vil vere eit naturleg satsingsområde å få styrke kvaliteten på skuledrifta for åra framover. Det er kome inn søknadar fleire år fram i tid – og vi gler oss over å verte kjend med elevar frå ulike deler av Nye Ålesund kommune. Arbeidet med å finne den permanente plasseringa og skulehus er godt i gang, og skulen vonar at vi ila kalenderåret 2018 vil få meir avklaring når det gjeld plassering av permanent skulehus.

Vi er framleis i startfasen av å bygge opp endå ein Møre-skule på Sunnmøre. Ein skule som skal få ha fokus på liv og læring med ein himmel over skulekvardagen, både for elevar og dei tilsette. Dette verdset vi som arbeidar ved skulen høgt, og vi er fullt klar over at dette ikkje er sjølvsgt. Vi ber om mykje forbøn og støtte i dagane som kjem. Vi trur, og ser konkret, at skulen kan gjere godt i medmenneske sine liv – og vi ønsker å få fortsette med det.

For Møre barne- og ungdomsskule Skodje

Ingrid Kvam Steinshamn
/ Rektor /

Odd Asbjørn Nybø
/ Styreformann /



Årsmelding 2017 Radio Sunnmøre



Ragnhild Kristine Vartdal Espelund.

Radio Sentrum har vore på lufta i 30 år i 2015, med 3 796 timar årleg dei siste åra. 1. mai 2015 endra Radio Sentrum namn til Radio Sunnmøre.

Radio Sunnmøre har lyttarar i 17 av 17 kommunar på Sunnmøre på FM, i tillegg til lyttarar utover Sunnmøre via internetradio og Tuneln. Frå hausten 2017 er Radio Sunnmøre også på DAB.

Stab

Ragnhild Kristine Vartdal Espelund er dagleg leiar og Victor

Haram er programprodusent med eit teknisk ansvar. Frå mai 2017 gjekk dagleg leiar ut i foreldrepermisjon. Fram til vikar Gunnhild Aksnes Kristiansen starta 15. august, gjekk Oddveig Molnes inn og fungerte som dagleg leiar i 100%. Gunnhild reduserte stillinga til 80%.



Victor Haram og Gunnhild Aksnes Kristiansen.

Programarbeid

73 timar i veka sender Radio Sunnmøre program med intervju, andakter og musikk som skal engasjere, vere trusstyrkande og evangeliserande. Vi har samarbeid om produksjon av program for Tro & Medier, Åpne Dører, og i tillegg eit fast intervju med Dagen sin Israelskorrespondent kvar veke. Desse programma sendast også på fleire andre lokalradioar i landet. Nye spaltar og seriar har blitt arbeidd med og sendt. 1. november 2017 starta vi også eit nytt program, retta mot nye og yngre lyttarar. Programmet er kalla Mobil. Vi er også aktive på vår nettside radiosunnmore.no og på facebook. I tillegg har vi dette året jobba med vår eigen podcast.

Sendeområde

FM101-samarbeidet sin utvida konsesjon på FM, i Stranda, Liadal, Norddal, Stordal, Valldal og Geiranger, er den same. I 2017 blei sendarnettet forbedra, noko som øker sendeeffekten og gir betre dekningsområde.

DAB

1. november gjekk vi på lufta på DAB i Ålesundsområdet.

Inntektskjelder

Radio-Giv 2016 og loddsal:

To dagar med 17 direktesendte timar i mars: 221 850,-

lotteri med trekking i november: 194 655,-

radiomesse i november, Borghallen på Ålesund folkehøgskole: 132 840,-

Innsamla sum på kr. 549 345,-

Fast giverteneste: - Gir forutsigbar inntekt.

Dette året: 415 761,-

Foreningsgåvene/private gaver: 336 883,-

Styret, økonomi nemda og ansvarleg redaktør

Styret 1. halvår: Anne Grete Djupvik, formann, Merethe E. Valderhaug, Jon Hildre, Marita Nordgård Giske, Arnstein Rødset, Kåre Magne Remmen (vara) Helge Åkernes (vara), Olav Martin Synnes for SIM.

Frå august var styret som følgjer: Are Bakke (formann), Arnstein Rødset (nestformann), Marita Giske Nordgård, Merete Valderhaug, Jon Hildre, Kolbjørn Gjære for SIM, Kåre Magne Remmen (vara)

Styret møtest om lag ein gong i månaden.

Økonomi nemda, 1. halvår: Torstein Walderhaug, Reidar Fiske, Eli Remme, Gunnar Gidske, Oddveig Molnes og Are Bakke.

Frå august: Reidar Fiske, Eli Remme, Oddveig Molnes
Ansvarleg redaktør: Johan Halsne

Takk

Takk til trufaste støttespelarar som har brukt fritid i frivillig arbeid for Radio Sunnmøre.

Takk til Arne Johan Helle, Jon Hildre og Bjørn Tomren med stort teknisk ansvar, og opprustning i nytt konsesjonsområde og utvikling av DAB.

Takk til styret, økonomi nemda, messekomitéar, teknikarar, laurdagsredaksjonar og andre.

Takk for forbønn og støtte for oss som har vår teneste i ein radio med 73 sendetimar pr. veke.

Gunnhild Aksnes Kristiansen
dagleg leiar

Årsmelding 2017

Begr.byrået Sunnmøre

Begravelsesbyrået Sunnmøre AS har i år 2017 hatt sitt 45. drifts år og firmaet har følgende avdelinger:

Begravelsesbyrået og Mørekister.

Begravelsesbyrået Sunnmøre AS er eid 100 % av Sunnmøre Indremisjon.

Begravelsesbyrået vart starta med tanke på den diakonale tenesta til Sunnmøre Indremisjon.

I tillegg var det eit ynskje at forretningsdrifta skulle gje eit økonomisk bidrag til misjonsverksemda.

Økonomi

Begravelsesbyrået Sunnmøre AS hadde i 2017 ei omsetjing på kr. 6 335 886.– dette er ei lita auke frå året før.

Totalresultatet vart eit overskot på kr. 224 391.-. Ved utgangen av året er selskapet gjeldfritt.

Mørekister

Engrossalget av kister har halde seg stabilt, det varierer i forhold til oppdragsmengda i begravelsesbyrået elles.

Begravelsesbyrået

Når det gjeld mengda på begravelsesoppdrag, er det om lag det same som året før.

Arbeidstokken dette året er:

Marit Vingen, dagleg leiar 100% stilling

Kjell Runar Stige, gravferdskonsulent 100% stilling

Ingvild Flesjå Grønfur, gravferdskonsulent 50% stilling

Oddrun Malum Bjørdal, gravferdskonsulent 40% stilling

Begravelsesbyrået ynskjer å få vere til hjelp for nokon i ein tung og vanskeleg situasjon. Vi er takksame om misjonsfolket vil hugse på dei tilsette i bønene sine. Styret vil rette ei stor takk til dei tilsette for ein fin innsats siste driftsåret.

Styret for Begravelsesbyrået Sunnmøre AS:

Harry Valderhaug - formann, Jostein Molvær -nestformann, Marit Sæverud Nybø, Ole Bjørn Vik

VIRKE
GRAVFERD

begravelses **Byrået**
sunnmøre

Døgnvakt:
70 17 86 60
bbsunnmøre@imf.no
www.bbsunnmøre.no

Marit Vingen Oddrun Malum Bjørdal Ingvild Flesjå Grønfur Kjell Runar Stige

Årsrekneskap Sunnmøre Indre

| | Note | 2017 | 2016 | | Note | | |
|---|-------|------------------|------------------|---|------------------|------------------|--|
| Driftsinntekter og driftskostnader | | | | | | | |
| 3000 Salg av annonser | | 168 400 | 162 951 | 6720 Regnskapshonorar | 154 554 | 81 250 | |
| 3010 Arrangement/matsalg | | 70 857 | 37 199 | 6730 Administrasjonstilskudd | 114 120 | 152 000 | |
| 3040 Salg av Bøker | | 19 848 | 11 287 | 6800 Kontorrekvisita | 20 372 | 27 538 | |
| 3120 Inntekt arr. Ung Misjon | | 14 229 | 48 008 | 6840 Aviser, tidsskrifter, bøker o.l. | 22 670 | 9 185 | |
| Salgsinntekter | | 273 334 | 259 445 | 6860 Kurs, møte, oppdateringer | 54 990 | 55 213 | |
| 3125 Foreningsgaver Ung Misjon | | 50 500 | 33 300 | 6870 Arrangement | 167 990 | 100 996 | |
| 3130 Foreningsgaver | | 982 219 | 974 973 | 6900 Telefon | 11 627 | 11 840 | |
| 3135 Brukt og Nyttig | | 295 000 | 80 000 | 6940 Porto | 31 079 | 32 910 | |
| 3140 Kirkegaver | | 12 426 | 11 964 | 6950 Porto Heimemisjonen | 10 086 | 11 671 | |
| 3150 Private gaver | | 40 339 | 127 292 | 6960 Trykking Heimemisjonen | 91 625 | 105 725 | |
| 3160 Kollekt | | 284 003 | 215 816 | 7100 Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig | 52 842 | 60 906 | |
| 3170 Prosjekt barne og ungdomsart | | 120 379 | 106 300 | 7140 Reisekostnad, ikke oppg.pliktig | 76 676 | 44 648 | |
| 3180 Fast givertjeneste | | 745 570 | 698 199 | 7320 Reklamekostnad | 51 663 | 47 003 | |
| 3200 Vårgave | | 65 372 | 82 810 | 7500 Forsikringspremie | | 19 443 | |
| 3210 Sommergave | | 103 572 | 74 250 | 7600 Lotterikostnad | 151 017 | 88 615 | |
| 3220 Høstgave | | 103 600 | 82 277 | 7700 Kostnad i forb. med testamentarisk gave | 74 | 68 215 | |
| 3230 Julegave | | 142 629 | 75 281 | 7710 Styre- og bedriftsforsamlingsmøter | 42 646 | 42 454 | |
| 3240 Årsmøtegave | | 135 000 | 155 750 | 7730 Ålesund Bedehus | 36 434 | 6 243 | |
| Gaver | | 1 080 608 | 2 718 212 | 7735 Fermate Sunnmøre | 50 000 | 50 000 | |
| 3250 Båtlotteri | | 151 833 | 109 963 | 7740 Kirkens SOS | 2 800 | 2 800 | |
| 3600 Leieinntekt Ålesund bedehus | | 219 867 | 215 564 | 7770 Bank og kortgebyrer | 5 131 | 4 276 | |
| 3620 Strøm Radio Sunnmøre | | 5 000 | | 7780 Anne kostnad Ung Misjon | 276 | 11 008 | |
| 3710 Momskompensasjon | | 175 452 | 178 159 | 7785 Arrangement Ung Misjon | 5 996 | 22 711 | |
| 3900 Andre inntekt.(test. gave) | | 149 865 | 440 130 | 7786 Kostnader leir | 5 188 | 16 991 | |
| Annen driftsinntekt | | 702 017 | 943 816 | 7787 Støtte til underavdelinger | 50 000 | | |
| SUM DRIFTSINNTEKTER | | 1 055 960 | 3 921 473 | 7790 Annen kostnad | 38 041 | 15 406 | |
| 5000 Lønn til ansatte | | 1 440 798 | 2 474 458 | 7799 Avrundingskonto | 1 | | |
| 5030 Refusjon sykkelønn | | -43 940 | -101 587 | Annen driftskostnad | 7 149 510 | 1 375 772 | |
| 5050 Utleie personell | | -554 618 | -614 095 | SUM DRIFTSKOSTNADER | 4 301 309 | 3 950 352 | |
| 5080 Lønn ved sykdom uten aga | | 102 644 | | DRIFTSRESULTAT | -245 349 | -28 879 | |
| 5100 Honorar | | 22 800 | | Finansinntekter og kostnader | | | |
| 5180 Feriepenger beregnet | | 308 644 | 291 175 | 8020 Inntekt aksjeutbytte | 25 000 | 25 000 | |
| 5182 Arb.avg. påløpne feriepenger | | 43 519 | | 8030 Renteinntekt Ålesund Bedehus | 5 287 | 7 976 | |
| 5200 Leie av talerhjelp ImF | | 415 956 | 435 851 | 8050 Annen renteinntekt | 15 865 | 24 715 | |
| 5201 Leige av talere-frivillige | | 20 973 | 18 165 | 8059 Annen renteinntekt | - | - | |
| 5250 Forsikringer | | 15 205 | | 8070 Aksjeutbytte fra norske foretak | - | - | |
| 5280 Annen fordel i arbeidsforhold | | 29 540 | | Annen renteinntekt | 46 152 | 57 691 | |
| 5290 Motkonto gruppe 52 | | -29 540 | | 8130 Renter/provisjon kassekreditt NLM Konser | - | - | |
| 5295 Motkonto forsikringer | | -15 205 | | 8131 Rentekostnad vedr. lån fra NLM Låneavreg | - | - | |
| 5400 Arbeidsgiveravgift | | 365 683 | 399 087 | 8151 Renter/provisjon kassekreditt (andre ban | - | - | |
| 5420 Innberetningspl. pensjonskostnader | | 127 482 | 101 685 | 8155 Rentekostnad leverandørgjeld | - | - | |
| 5421 Innberettet pensjon | | 127 482 | | 8159 Rentekostnad bank | - | - | |
| 5490 Motkonto til 5420 | | -127 482 | | Annen rentekostnad | - | - | |
| 5510 Bilgodtgjørelse skattepliktig del | | 1 613 | | RESULTAT AV FINANSPOSTER | 46 152 | 57 691 | |
| 5800 Refusjon sykepeng | | -102 644 | | Ordinært resultat før skattekostnad | -199 197 | 28 812 | |
